META NET

White Paper Series Kvitbokserie

THE NORWEGIAN LANGUAGE IN THE DIGITAL AGE

NORSK I DEN DIGITALE TIDSALDEREN

NYNORSKVERSJON

Koenraad De Smedt
Gunn Inger Lyse
Anje Müller Gjesdal
Gyri S. Losnegaard

Springer

White Paper Series Kvitbokserie

THE NORWEGIAN LANGUAGE IN THE DIGITAL AGE

NORSK I DEN DIGITALE TIDSALDEREN

NYNORSKVERSJON

Koenraad De Smedt UIB
Gunn Inger Lyse UIB
Anje Müller Gjesdal UIB
Gyri S. Losnegaard UIB

Georg Rehm, Hans Uszkoreit
(Redaktørar, editors)

FORORD PREFACE

Dette dokumentet er del av ein serie som skal fremje kunnskap om språkteknologiens status og potensiale. Målgruppa er journalistar, politikarar, språkbrukarar, lærarar og andre interesserte. Tilgangen til, og nytta av, språkteknologi i Europa varierer frå språk til språk. Difor vil òg naudsynte tiltak for å støtte forsking og utvikling av språkteknologi vere ulike for kvart språk. Kva for tiltak som er naudsynte, avheng av fleire faktorar, til dømes kompleksiteten i eit gjeve språk og mengda språkbrukarar.

Forskingsnettverket META-NET, eit *Network of Excellence* finansiert av Europakommisjonen, presenterer i denne serien (jf. s. 81) analysen sin av eksisterande språkressursar og teknologiar for dei 23 offisielle EU-språka og andre nasjonale og regionale språk i Europa – mellom dei norsk. Resultata av denne analysen tyder på at det er betydelege hol i forsking og utvikling for alle språka. Denne detaljerte ekspertanalysen av den noverande situasjonen i denne serien vil vonleg bidra til å maksimere effekten av ny forsking.

Per november 2011 består META-NET av 54 forskingsinstitusjonar i 33 land (jf. s. 77) som samarbeider med kommersielle aktørar (IT-føretak, utviklarar og brukarar), offentlege etatar, ikkje-statlege organisasjonar, representantar for språksamfunn og universitet. I samarbeid med desse samfunnsrepresentantane er målet å skape ein felles teknologivisjon og å utvikle ein strategisk forskingsagenda for eit fleirspråkleg Europa innan år 2020.

This white paper is part of a series that promotes knowledge about language technology and its potential. It addresses journalists, politicians, language communities, educators and others. The availability and use of language technology in Europe varies between languages. Consequently, the actions that are required to further support research and development of language technologies also differs. The required actions depend on many factors, such as the complexity of a given language and the size of its community.

META-NET, a Network of Excellence funded by the European Commission, has conducted an analysis of current language resources and technologies in this white paper series (p. 81). The analysis focused on the 23 official European languages as well as other important national and regional languages in Europe. The results of this analysis suggest that there are tremendous deficits in technology support and significant research gaps for each language. The given detailed expert analysis and assessment of the current situation will help maximise the impact of additional research.

As of November 2011, META-NET consists of 54 research centres from 33 European countries (p. 77). META-NET is working with stakeholders from economy (Software companies, technology providers and users), government agencies, research organisations, non-governmental organisations, language communities and European universities. Together with these communities, META-NET is creating a common technology vision and strategic research agenda for multilingual Europe 2020.

Forfattarane av denne rapporten takkar forfattarane av rapporten for tysk språk for løyve til å gjenbruke utvalt språkuavhengig material frå dokumentet deira [1]. Forfattarane takkar òg Gisle Andersen, Torbjørg Breivik, Helge Dyvik, Kristin Hagen, Torbjørn Nordgård, Torbjørn Svendsen og Trond Trosterud for verdifulle bidrag og kommentarar.

Arbeidet med denne utgreiinga er finansiert av det sjuande rammeprogrammet og Den europeiske kommisjonens ICT Policy Support program, gjennom kontraktane T4ME (tildelingsavtale 249 119), CESAR (tildelingsavtale 271 022), METANET4U (tildelingsavtale 270 893) og META-NORD (tildelingsavtale 270 899).

The authors of this document are grateful to the authors of the White Paper on German for permission to re-use selected language-independent materials from their document [1]. They also wish to thank Gisle Andersen, Torbjørg Breivik, Helge Dyvik, Kristin Hagen, Torbjørn Nordgård, Torbjørn Svendsen and Trond Trosterud for valuable contributions and comments.

The development of this White Paper has been funded by the Seventh Framework Programme and the ICT Policy Support Programme of the European Commission under the contracts T4ME (Grant Agreement 249 119), CESAR (Grant Agreement 271 022), METANET4U (Grant Agreement 270 893) and META-NORD (Grant Agreement 270 899).

INNHALD CONTENTS

NORSK I DEN DIGITALE TIDSALDEREN

THE NORWEGIAN LANGUAGE IN THE DIGITAL AGE

1

SAMANDRAG

Informasjonsteknologi påverkar kvardagen vår. Vi brukar datamaskiner når vi skriv, redigerer, reknar ut, søkjer etter informasjon, og i aukande grad også når vi les, høyrer på musikk, kikkar på bilete og ser på film. Vi har med oss små datamaskiner i lomma og brukar desse til å ringe, skrive e-post, innhente informasjon og til å underhalde oss sjølve kvar vi enn er. Men på kva måte verkar denne utstrakte digitaliseringa av informasjon, kunnskap og dagleg kommunikasjon inn på språket vårt? Vil språket vårt endre seg eller til og med forsvinne? Kva er sjansane for at norsk språk vil bestå?

Mange av dei 6000 språka som finst i verda i dag vil ikkje overleve i det globaliserte digitale informasjonssamfunnet. Ein reknar med at minst 2000 språk kjem til å forsvinne dei kommande tiåra. Andre vil framleis spele ei rolle i privatsfæren og lokalsamfunnet, men ikkje i det breiare offentlege liv som næringsliv og akademia. Statusen til eit språk avheng ikkje berre av talet på brukarar eller kor mange bøker, filmar og TV-stasjonar som nyttar språket, men også av i kor stor grad språket gjer seg gjeldande i den digitale verkelegheita og blir brukt i programvareapplikasjonar.

I denne samanhengen slit norsk framleis med vekesmerter. I byrjinga av det tjueførste hundreåret eksisterte norsk språkteknologi berre i svært liten skala. Det fanst eit relativt godt system for omsetjing frå bokmål og nynorsk, der var stavekontroll, og det fanst også eit lite dialogsystem som svarer på spørsmål, medan folk flest lo av den dårlege kvaliteten til dei første talegjenkjenningsprogramma. Eit ambisiøst industrielt initiativ til utvikling av språkteknologi på Voss mislykkast. Innan høgare utdanning fanst det program for språkteknologi og datalingvistikk, og det eksisterte forsking på desse felta, men det mangla språkressursar og språkverktøy.

Biletet endra seg då Forskingsrådet tok initiativ til eit språkteknologiprogram i 2002, med sikte på å utvikle ny kunnskap og nødvendige verktøy. Programmet resulterte i fleire prosjekt som skapte ny kompetanse og eit betre grunnlag for norsk språkteknologi. Dei største prosjekta i dette språkteknologiprogrammet leverte eit tekst-til-tale-system og ein demonstrator for omsetjing av høg kvalitet frå norsk til engelsk.

Etter Stortingsmeldinga frå 2008 [2], og vedtaket av denne meldinga i Stortinget, vart ei fritt tilgjengeleg samling av norske språkteknologiske ressursar, *Språkbanken*, etablert i 2010. Språkbanken er no i gong med å byggje opp og distribuere norske språkdata, ei oppgåve som lenge har vore etterspurd innan forsking og utvikling. Dersom dette arbeidet blir halde ved like, vil det utgjere ei uvurderleg investering i framtida til det norske språket.

Trass ei betydeleg utvikling innan norsk språkteknologi det siste tiåret viser denne rapporten at det enno berre er for basisverktøy og -ressursar at situasjonen er nokolunde tilfredsstillande. Når det gjeld meir avanserte applikasjonar, finst det framleis svært få verktøy og ressursar for norsk, og vi har framleis langt igjen før norsk språk er sikra ei framtid som fullverdig aktør i det moderne – og framtidige – europeiske språksamfunnet.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologien førebur seg no til neste teknologirevolusjon. I kjølvatnet av personlege datamaskiner, nettverk, stadig mindre og letta-

re komponentar, multimedia, mobile einingar og databehandling i digitale skyer, vil den neste generasjonen teknologi bestå av programvare som ikkje berre forstår talte og skrivne bokstavar og lydar, men også heile ord og setningar, og som støttar brukaren betre enn dagens teknologi, fordi han snakkar, kjenner og forstår språket deira. Forløparar i denne utviklinga er IBM si superdatamaskin Watson, som sigra over USA-meisteren i kunnskapsspelet "Jeopardy", og Apple sin mobilassistent Siri for iPhone, som responderer på språkkommandoar og kan svare på spørsmål på engelsk, tysk, fransk og japansk. Eit norsk taleattkjenningssystem for iPhone er tilgjengeleg, men det er framleis mykje mindre påliteleg enn det tilsvarande engelske systemet.

Språkbrukarar kommuniserer allereie ved hjelp av teknologien som er utvikla for deira språk. Etter kvart vil teknologiske innretningar, som respons på enkle talekommandoar, vere i stand til å hente dei viktigaste nyhenda og informasjonen frå den globale digitale kunnskapsbasen. Språkbasert teknologi vil kunne omsetje automatisk eller fungere som støtte for tolkar, lage samandrag av samtaler og dokument og vere eit hjelpemiddel i læringssituasjonar. Språkteknologi vil til dømes kunne hjelpe innvandrarar med å lære norsk, og dermed også med integrering i det norske samfunnet.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi vil gjere industrielle robotar og tenesterobotar (som i dag er under utvikling i forskingslaboratoria) i stand til å forstå kva brukaren ønskjer at dei skal gjere og til å rapportere om oppgåvene dei har utført. Eit slikt prestasjonsnivå strekkjer seg langt ut over enkle bokstavlister og leksika, stavekontrollar og uttalereglar. Skal språkteknologi kunne tolke spørsmål og levere utfyllande og relevante svar, må han bevege seg frå basale tilnærmingar til eit meir altomfattande perspektiv, der språkmodelleringa tek omsyn til syntaks så vel som semantikk.

Ikkje alle europeiske språk er like godt førebudde til ei slik framtid. Denne rapporten presenterer ei evaluering av graden av språkteknologistøtte for 30 europeiske språk, basert på fire kjerneområde: maskinomsetjing, taleprosessering, tekstanalyse og, til sist, basisressursar som er naudsynte for å kunne byggje språkteknologiske applikasjonar. Språka vart delte inn i fem klynger etter nivå, og ikkje overraskande hamna norsk i botnklynga, og i enkelte tilfelle i klynga over, for alle typar verktøy og ressursar. Norsk ligg langt etter større språk som til dømes tysk og fransk. Men ikkje ein gong desse språka klarer å nå opp til kvaliteten og dekningsgraden til samanliknbare ressursar og verktøy for engelsk, som er det klart leiande språket på nesten alle felt innan språkteknologi.

I St.meld. nr. 48 [3] konstaterer ein at språkteknologifeltet kan verte "ein av dei fremste arenaene der kampen om norsk språk og kultur vil utspela seg i tida framover" (kap. 12.9, s. 196). Kva må vi så gjere for å sikre norsk språk ei framtid i informasjonssamfunnet? I 2002 anslo ei ekspertgruppe skipa av myndigheitene at det vil krevje ei investering på 20 millionar kroner *kvart år* dei første fem åra [4]. Sjølv om Språkbanken no er etablert og verksam, er det eit faktum at dei årlege investeringane så langt har utgjort berre ein brøkdel av estimert behov. Det skulle difor ikkje komme som noka overrasking at norsk språkteknologi framleis heng att i tidleg barndom. Kommersielt er fem millionar språkbrukarar for få til aleine å forsvare ei kostbar utvikling av nye produkt. Norsk IT-industri, og spesielt store og mellomstore bedrifter, kan ikkje sjølve ta kostnadene ved å byggje opp store språkressursar og verktøy for norsk. Framleis offentleg støtte er nødvendig for å sikre at eksisterande verktøy og opparbeidd kunnskap og erfaring hos forskarar og bedrifter skal bli utnytta til fulle.

Norsk språk er ikkje umiddelbart trua av den engelske dominansen innan språkteknologi. Dette kan likevel endre seg drastisk når den nye generasjonen tekno-

logiar tek til å meistre menneskeleg språk mykje betre, og meir effektivt, enn det dagens teknologi klarer. Gjennom utvikling innan maskinomsetjing vil språkteknologien på sikt medverke til å bryte ned språkbarrierar, men dette vil berre gjelde dei språka som er med på overgangen til eit digitalisert samfunn. Tilstrekkeleg og god nok språketeknologi kan sikre at språk med relativt små brukargrupper overlever. Som ein konsekvens er ei investering i språkteknologi ein essensiell del av språkpolitikken også i framtida.

META-NET sin visjon er å leggje til rette for språkteknologi av høg kvalitet for alle språk. Teknologien vil såleis støtte politisk og økonomisk fellesskap gjennom kulturelt mangfald. Den vil vidare bryte ned eksisterande barrierar og byggje bruer mellom europeiske språk. Dette inneber at alle interessentar – i politikk, forsking, næringsliv og samfunn – må foreine krefter for framtida. Denne språkrapporten utgjer ein viktig del av META-NET sin strategiske handlingsplan. Oppdatert informasjon, som til dømes den siste versjonen av META-NET sitt visjonsskriv [5] eller plan for forskingsstrategi (Strategic Research Agenda, SRA), er begge å finne på META-NET si nettside: http://www.meta-net.eu.

2

SPRÅKA VÅRE STÅR I FARE: EI UTFORDRING FOR SPRÅKTEKNOLOGIEN

Vi er vitne til ein digital revolusjon som påverkar kommunikasjonen og samfunnet dramatisk. Den seinaste utviklinga i digital informasjons- og kommunikasjonsteknologi blir nokre gonger samanlikna med Gutenbergs oppfinning av trykkpressa. Kva kan denne analogien fortelje oss om framtida for det europeiske informasjonssamfunnet generelt og for stillinga til språka spesielt?

> Vi er vitne til ein digital revolusjon som kan samanliknast med Gutenbergs oppfinning av trykkpressa.

I kjølvatnet av Gutenbergs oppfinning skjedde fleire store gjennombrot i kommunikasjon og kunnskapsutveksling, som til dømes Luthers omsetjing av Bibelen til eige morsmål. Sidan Gutenbergs tid har ein utvikla fleire teknikkar for betre handsaming av språkbehandling og kunnskapsutveksling:

- standardisering av rettskriving og grammatikk for dei vanlegaste språka har gjeve ei hurtigare spreiing av nye vitskaplege og intellektuelle idear;
- utviklinga av offisielle språk har gjort det lettare for innbyggjarane å kommunisere innanfor visse (som oftast politiske) grenser;
- undervising og omsetjing mellom språk har bidrege til utveksling på tvers av språk;
- etablering av redaksjonelle og bibliografiske retningsliner har sikra kvaliteten og tilgangen på trykt materiale;
- etablering av ulike medium som aviser, radio, fjernsyn, bøker og andre medium har dekt ei rekkje kommunikasjonsbehov.

Dei siste tjue åra har informasjonsteknologi bidrege til å automatisere og forenkle mange av desse prosessane:

- publiserings- og teksthandsamingsprogram har erstatta skrivemaskin og dokumentproduksjon;
- Microsoft PowerPoint har erstatta overheadtransparentar;
- e-post gjer det mogleg å sende og ta mot dokument raskare enn med ei faksmaskin;
- Skype tilbyr billege telefonsamtaler via Internett og legg til rette for videokonferansar;
- ulike format for lagring av lydar og video gjer det enkelt å utveksle multimedie-innhald;
- søkemotorar gjer det enkelt å søkje i nettsider;
- nettbaserte tenester som Google Translate produserer raske, omtrentlege omsetjingar;
- sosiale medium som Facebook, Twitter og Google+ forenklar hurtig kommunikasjon, samarbeid og informasjonsdeling.

Sjølv om slike verktøy og program er nyttige, er dei enno ikkje i stand til fullt ut å fylle rolla som ein berebjelke

for innbyggjarane i eit fleirspråkleg europeisk samfunn, med fri flyt av informasjon og varer.

2.1 SPRÅKGRENSER HINDRAR UTVIKLINGA AV EIT EUROPEISK INFORMASJONSSAMFUNN

Vi kan ikkje føreseie nøyaktig korleis informasjonssamfunnet vil sjå ut i framtida. Men det er svært sannsynleg at den viktigaste revolusjonen i moderne kommunikasjonsteknologi vil liggje i nye måtar å samle folk som snakkar ulike språk. Dette legg press på den einskilde, som må lære nye språk, og på programutviklarar, som må lage nye applikasjonar som kan sikre gjensidig forståing og tilgjenge til deleleg kunnskap. I ein økonomi og eit informasjonssamfunn som blir stadig meir globalisert, vil nye medium føre til enklare interaksjon på tvers av språk, språkbrukarar og ulike typar innhald. Sosiale medium som Wikipedia, Facebook, Twitter, YouTube, og nyleg Google+ har vorte stadig meir utbreidde, men dette er berre toppen av isfjellet.

> Ein stadig meir globalisert økonomi og informasjonssamfunn konfronterer oss med fleire språk, ulike språkbrukarar og ulike typar innhald.

Ifølgje ein fersk rapport frå Europakommisjonen kjøper 57% av Internettbrukarane i Europa varar og tenester på språk som ikkje er deira eige morsmål (engelsk er det vanlegaste framandspråket, følgd av fransk, tysk og spansk). 55% av brukarane kan lese innhald på eit framandspråk, medan berre 35% bruker eit anna språk til å skrive e-post eller poste kommentarar på nettet [6]. For nokre år sidan var kanskje engelsk Internettet sitt *lingua franca*, men no er situasjonen dramatisk forandra. Mengda av nettbasert innhald på andre europeiske språk (og dessutan asiatiske og språk frå Midtausten) har eksplodert.

Denne digitale 'klasseskilnaden' mellom språka har overraskande nok ikkje fått mykje offentleg merksemd, trass i at det gjennomsyrar heile samfunnet. Men det aktualiserer eit viktig spørsmål: Kva for europeiske språk vil overleve i eit nettverksbasert informasjons- og kunnskapssamfunn, og kva for språk er dømde til å forsvinne?

2.2 SPRÅKA VÅRE STÅR I FARE

Medan trykkjeteknologien bidrog til å auke informasjonsspreiinga i Europa, førde han òg til språkdød. Regionale og minoritetsspråk vart sjeldan trykte, slik at språk som kornisk og dalmatisk vart avgrensa til munnleg overføring, noko som i sin tur avgrensa bruksområda. Vil Internett har same verknad på språka våre?

> Det språklege mangfaldet i Europa er ein av dei viktigaste delane av kulturarven vår.

Dei om lag 80 språka i Europa utgjer ein av dei viktigaste delane av kulturarven vår, og ein sentral del av den europeiske samfunnsmodellen [7]. Medan språk som engelsk og spansk sannsynlegvis vil overleve på den nye digitale marknaden, risikerer mange europeiske språk å bli irrelevante i eit nettverksbasert samfunn. Dette ville kunne svekkje Europas posisjon på verdsbasis og svekkje målet om likeverdig deltaking for alle europeiske borgarar, uavhengig av språk. Ifølgje ein UNESCO-rapport om fleirspråklegheit er språk eit viktig middel for å nyte godt av grunnleggjande rettar, som politisk ytringsfridom, utdanning og samfunnsdeltaking [8].

2.3 SPRÅKTEKNOLOGI KAN LEGGJE TIL RETTE FOR SPRÅKBRUK

Tidlegare vart det først og fremst investert i språkopplæring og omsetjing. Utrekningar viser at den europeis-

ke marknaden for omsetjing, tolking, programvarelokalisering og nettstadsglobalisering utgjorde 8,4 milliardar euro i 2008, og dette talet blir forventa å vekse med 10% årleg [9]. Men denne investeringa dekkjer berre ein liten del av det noverande og framtidige behovet for kommunikasjon mellom språk. Eit viktig tiltak for å sikre breidda og mangfaldet av språkbruk i morgondagens Europa er å bruke riktig teknologi, akkurat som vi bruker teknologi til å løyse utfordringar innan transport, energi og universell utforming.

Digital språkteknologi (retta mot alle former for tekst og munnleg tale) kan hjelpe menneske til å samarbeide, drive handel, dele kunnskap og delta i sosiale og politiske debattar på tvers av språkbarrierar og datakunnskapar. Språkteknologi er ofte innebygd i komplekse system som hjelper oss med å:

- finne informasjon med ein Internett-søkemotor;
- sjekke staving og grammatikk i eit teksthandsamingsprogram;
- vise produkttilrådingane i nettbutikkar;
- høyre taleinstruksjonar frå eit bilnavigasjonssystem;
- omsetje nettsider via nettbaserte tenester.

Språkteknologi består av ei rekkje kjerneapplikasjonar som legg til rette for ulike prosessar innanfor eit større applikasjonsrammeverk. Føremålet med META-NETs språkrapportar er å undersøkje i kva grad og kor godt desse kjerneteknologiane er utvikla for dei europeiske språka.

Vi treng robust og rimeleg språkteknologi for alle dei europeiske språka.

For å oppretthalde ein leiande posisjon i global innovasjon treng Europa ein språkteknologi som er tilpassa alle europeiske språk og som er robust, rimeleg og tett integrert i relevant programvare. Utan språkteknologi vil vi ikkje kunne skape ei effektiv, interaktiv, multimedial og fleirspråkleg brukaroppleving i den nære framtida.

2.4 SPRÅKTEKNOLOGI GJEV MOGLEGHEITER

I ei verd basert på trykkjeteknologi var det viktige teknologiske gjennombrotet rask kopiering av ei tekstside ved hjelp av ei trykkpresse. Det omstendelege arbeidet med å slå opp, lese, omsetje og oppsummere kunnskap måtte framleis utførast av menneske. Ikkje før Edison kunne ein lagre tale, og då berre som analoge kopiar.

Digital språkteknologi kan no automatisere sjølve omsetjingsprosessen, innhaldsproduksjon og kunnskapshandsaming for alle europeiske språk. Språkteknologi kan òg bidra til intuitive talestyrte grensesnitt for hushaldningsmaskiner, bilar, datamaskiner og robotar. Vi er enno på eit tidleg stadium av utviklinga av å bruke kommersielle og industrielle applikasjonar, men FoU har skapt mange nye høve. Til dømes er maskinomsetjing alt vorten rimeleg nøyaktig innanfor visse område, og eksperimentelle applikasjonar mogleggjer fleirspråkleg informasjons- og kunnskapsstyring og dessutan innhaldsproduksjon for mange europeiske språk.

Som med dei fleste teknologiane vart den første bruken innan bl.a. talebaserte brukargrensesnitt og dialogsystem utvikla for svært spesialiserte domene, og dei hadde ofte ei nokså avgrensa yting. Men det ligg store marknadspotensial innanfor utdanningssektoren og underhaldningsindustrien ved å integrere språkteknologi i spel, kulturminnestader, skule og anna opplæring, bibliotek, osb. Mobile informasjonstenester, datastøtta språklæring, eLæringsmiljø, eigenvurderingsverktøy og plagiatkontrollprogram er berre nokre av bruksområda der språkteknologi kan spele ei viktig rolle. Populariteten til sosiale medium som Twitter og Facebook illustrerer behovet for avanserte språkteknologiar som kan overvake innlegg, oppsummere diskusjonar, analy-

sere meiningstrendar, oppdage kjenslereaksjonar, identifisere brot på lover og reglar eller spore misbruk.

Språkteknologi kan bidra til å bryte ned språkbarrierane som det språklege mangfaldet skaper.

Språkteknologi representerer eit enormt potensial for EU. Han kan bidra til å handsame fleirspråklegheit i Europa – det faktumet at ulike språk lever i naturleg sameksistens i europeiske føretak, organisasjonar og skular. Men innbyggjarane treng å kommunisere på tvers av desse språkgrensene og på kryss og tvers av den felles europeiske marknaden. Språkteknologi kan bidra til å overvinne denne siste barrieren samstundes som han støttar fri og open bruk av det einskilde språket. Ser ein lenger framover, vil ein nyskapande og fleirspråkleg europeisk språkteknologi gje ein målestokk for dei globale partnarane våre når dei utviklar sine eigne fleirspråklege samfunn. Språkteknologi er ei form for 'hjelpemiddel'-teknologi som hjelper oss å bryte ned språklege barrierar og gjere språksamfunn meir tilgjengelege for kvarandre. Eit anna viktig og aktivt forskingsfelt er nytta av språkteknologi i redningsoperasjonar i katastrofeområde, der teknologiyting kan bli eit spørsmål om liv og død: Framtida sine intelligente robotar med tverrspråklege funksjonar kan redde liv.

2.5 UTFORDRINGAR FOR SPRÅKTEKNOLOGI

Sjølv om språkteknologien har gjort betydelege framsteg dei siste åra, skjer den noverande teknologiske utviklinga og produktinnovasjonen for sakte. Vanlege verktøy som stave- og grammatikkontroll i tekstbehandling er vanlegvis einspråklege og berre tilgjengelege for ei handfull språk. Nettbaserte maskinomsetjingstenester er nyttige for å få eit rask oversyn over innhaldet i dokumentet, men gjev store problem når svært nøyaktige og fullstendige omsetjingar trengst. På grunn av kompleksiteten i menneskeleg språk er det å modellere naturleg språkbruk i programvare for deretter å teste det ut i den verkelege verda ein tidkrevjande og kostbar operasjon som krev ei stabil finansiering. Dei europeiske landa må difor vere aktive i møte med dei teknologiske utfordringane eit fleirspråkleg samfunn står overfor gjennom aktivt å utvikle nye metodar for å skunde på utviklinga. Dette kan vere både utrekningsorienterte framsteg og teknikkar som 'crowdsourcing'.

Den teknologiske utviklinga går for langsamt.

2.6 SPRÅKTILEIGNING HOS MENNESKE OG MASKINER

For å illustrere korleis datamaskiner handsamar naturleg språk, og kvifor det er vanskeleg å programmere dei til å prosessere ulike språk, skal vi kort sjå på korleis menneske tileignar seg første- og andrespråk, og deretter sjå korleis språkteknologiske system fungerer.

Menneske tileignar seg språkkunnskap på to ulike måtar. Babyar lærer eit språk ved å lytte til samspel mellom foreldre, sysken og andre familiemedlemmer. Frå toårsalderen produserer born dei første orda sine og korte setningar. Dette er berre mogleg fordi menneske har ein genetisk disposisjon til å imitere og rasjonalisere på grunnlag av det dei høyrer.

Å lære eit andrespråk på eit seinare stadium krev meir innsats, hovudsakleg fordi barnet ikkje er omgjeve av ein språkfellesskap, slik det er tilfelle for morsmålet. På skulen tileignar ein seg vanlegvis framandspråk gjennom å innarbeide grammatiske strukturar, ordtilfang og staving. Dette skjer ved hjelp av puggeøvingar som skildrar språklege kunnskapar gjennom abstrakte reglar, tabellar og døme.

Menneske tileignar seg språkkunnskap på to ulike måtar: Læring frå døme og læring frå underliggjande språkreglar.

Dei to hovudtypane av språkteknologiske system 'tileignar' seg språklege kunnskapar på ein liknande måte. Statistiske (eller 'datadrivne') tilnærmingar innhentar språkkunnskap frå store samlingar av konkrete eksempeltekster. For å trene stavekontrollsystem er det tilstrekkeleg å bruke tekst frå eit enkelt språk, men skal ein trene opp eit maskinomsetjingssystem, treng ein eit sett av parallelle tekster for to (eller fleire) språk. På denne måten kan maskina 'lære' mønster for korleis ord, korte setningar og fullstendige setningar blir omsette.

Ei statistisk tilnærming kan krevje millionar av setningar, og kvaliteten aukar jo meir tekst som blir analysert. Dette er ein av grunnane til at søkemotorleverandørar vil samle inn så mykje tekst som mogleg. Tekstbehandlingsprogramma sine stavekontrollar, så vel som tenester som Google Search og Google Translate, er alle baserte på statistiske metodar. Den store fordelen med statistiske metodar er at maskina lærer raskt gjennom ein kontinuerleg serie av treningsrundar, men kvaliteten er varierande.

Den andre tilnærminga til språkteknologi, og særleg til maskinomsetjing, er å byggje regelbaserte system. Språkforskarar, datalingvistar og dataekspertar må først kode grammatiske analysar (omsetjingsreglar) og setje saman ordlister (leksikon). Dette er svært tid- og arbeidskrevjande. Nokre av dei viktigaste regelbaserte maskinomsetjingssystema har vore under kontinuerleg utvikling i meir enn tjue år. Den store fordelen med regelbaserte system er at ekspertane har ein betre kontroll over maskina si språkhandsaming. Dimed kan ein systematisk rette opp feil i programvara og gje brukaren detaljerte tilbakemeldingar. Dette er spesielt nyttig når systema skal brukast til språklæring. Men på grunn av dei høge kostnadene har regelbasert språkteknologi så langt berre vorte utvikla for store språk.

Dei to hovudtypane av språkteknologiske system tileignar seg språk på ein liknande måte.

Sidan styrkane og veikskapane ved statistiske og regelbaserte system ofte utfyller kvarandre, fokuserer forskinga no på hybridtilnærmingsmåtar som kombinerer dei. Så langt har likevel nytta av desse metodane vore mindre vellukka i industrielle applikasjonar enn i forskingslaboratoria.

I dette kapitlet har vi sett at mange vanlege dataprogram er avhengige av språkteknologi. Dette gjeld særleg for Europa, i kraft av å vere eit felles økonomi- og informasjonsområde. Sjølv om kvaliteten på språkteknologi har vorte mykje betre dei siste åra, er det enno eit stort forbetringspotensial. Under vil vi skildre rolla norsk språk har i det europeiske informasjonssamfunnet og vurdere tilstanden for norsk språkteknologi.

3

NORSK I DET EUROPEISKE INFORMASJONSSAMFUNNET

3.1 GENERELLE FAKTA

Norsk er felles tale- og skriftspråk i Noreg, og er morsmålet til det store fleirtalet av den norske folkesetnaden (meir enn 90 %, om lag 4.320.000 språkbrukarar). Norsk blir brukt i politikk og offentleg forvalting, på alle nivå i utdanningssystemet og i dagleg kommunikasjon.

> Norsk er morsmålet til meir enn 90% av den norske folkesetnaden.

Minoritetsspråka (slik dei blir definerte i Den europeiske pakta om regionale språk eller mindretalsspråk) i Noreg er samisk, kvensk, romanes og norsk romani. Kvar av desse gruppene omfattar frå nokre hundre til fleire tusen språkbrukarar [2]. Norsk teiknspråk blir brukt av om lag 15.000 språkbrukarar [10]. I tillegg finst det ulike innvandrarspråk. Innvandrarar og personar fødde i Noreg med innvandrarforeldre utgjer 600.900 personar eller 12,2% av folkesetnaden i Noreg. Dei fleste av innvandrarane er frå Polen, Sverige, Tyskland og Irak, i følgje Statistisk sentralbyrå.

Norsk er eit nordgermansk språk som er nært nærskyldt med dansk og svensk, og desse tre språka er gjensidig forståelege. Norsk har eit stort mangfald av dialektar. Sjølv om såkalla 'standard austnorsk' fungerer som ein *de facto* standard for normalisert tale, er ei slik standardisering i langt mindre grad verksam i Noreg enn i dei fleste andre europeiske landa. Norsk har to offisielle målformer, bokmål og nynorsk. Formelt har dei lik status, men i praksis er bokmål den desidert mest brukte, og blir brukt av om lag 87% av innbyggjarane [2]. For å sikre stillinga til nynorsk regulerer *Mållova* skriftleg språkbruk i offentleg sektor, og alle elevar lærer både bokmål og nynorsk på skulen, sjølv om der finst politiske rørsler som vil avskaffe dette kravet.

3.2 SÆRTREKK VED NORSK SPRÅK

Norsk har ei rekkje særtrekk som bidreg til språkleg rikdom, men som samstundes skaper utfordringar for automatisk prosessering av naturleg språk.

3.2.1 Utfordringar i norsk talespråk

Munnleg norsk omfattar eit breitt utval av dialektar, som tradisjonelt har ei mykje meir framtredande rolle enn i dei fleste andre europeiske landa [2]. Sidan ei munnleg standardnorm vanlegvis ikkje blir brukt i norsk, bruker språkbrukarane stort sett dialekten sin i munnleg kommunikasjon, også i media, om enn nokre gonger i moderert form. Dialektvariasjon er ei utfordring for datamaskiner når ein freistar å konvertere tale til tekst eller tekst til tale.

> Noreg sitt dialektmangfald er ei utfordring når ei datamaskin skal konvertere tale til tekst eller tekst til tale.

Som i andre germanske språk kan ein på norsk danne nye ord ganske fritt ved å setje saman eksisterande ord. Til dømes kan orda *oske*, *krise* og *pakke* setjast saman til *oskekrisepakke*. Nokre slike samansette uttrykk blir berre brukte av og til, medan andre utgjer terminologi i spesialiserte domene, og atter andre blir leksikaliserte (dvs. blir ein del av det vanlege ordtilfanget vårt) og inngår i ordbøker.

Dessutan nyttar dei fleste norske dialektar tonefall kontrastivt gjennom to distinkte ordintonasjonar, ofte kalla tonem 1 og 2. Desse tonema, kombinert med eit manglande éin-til-éin-tilhøve mellom lydar og bokstavar i norsk, er særleg utfordrande for taleteknologi. Mellom anna har norsk eit breitt spekter av homografiske former (som blir likt skrivne) som blir realiserte med ulike tonem, til dømes *sulten* (tonem 1, eng. 'hunger') versus *sulten* (tonem 2, eng. 'hungry'). Det er då avgjerande at eit talesyntesesystem kan oppgje rett tone til ein førekomst av eit leksem, i dette tilfellet ved å oppgje korrekt ordklasse, såkalla syntaktisk disambiguering.

Ved konvertering frå tekst til tale er syntaktisk disambiguering naudsynt for å skilje mellom homografar som er ulike både når det gjeld tone og ordklasse, slik som para *landa* [lanA] (tonem 1, eng. 'the countries') versus *landa* [lanA] (tonem 2, eng. 'landed'). Faktisk har dei fleste inkjekjønnssubstantiv korresponderande homografiske verb.

3.2.2 Utfordringar i skriftleg norsk

Når det gjeld skriftleg norsk, er der stor variasjon mellom dei to offisielle norske målformene både med omsyn til rettskriving og ordformasjon, og òg i nokre delar av ordtilfanget og grammatikken.

I praksis er kravet om tospråklegheit i forvaltninga og utdanningssektoren nokre gonger vanskeleg å møte, sidan skilnadene kan opplevast som vanskelege å lære. Det blir gjort ein stor innsats for å oppretthalde denne tospråklegheita, og behovet for korrekturlesing og nøyaktig omsetjing mellom dei to formene er difor klart. Sjølv innanfor den enkelte målforma er stor variasjon tillaten i form og bøying av ord. Ordet *slukke* kan til dømes òg skrivast som *slokke* på bokmål (*sløkke* eller *sløkkje* på nynorsk), medan fortidsformene på bokmål kan vere *slukket*, *slukka*, *slokket* eller *slokka*.

Endringar i rettskriving, ordtilfang og ordformasjon gjer at eksisterande språkressursar kan trenge ei oppdatering.

Sjølv om ikkje alle moglege kombinasjonar av ord og endingar blir brukte i praksis, er kombinasjonsalternativa likevel formidable, og fører nokre gonger til tusenvis av moglege måtar å skrive same setning.

For å komplisere saka endå meir har det norske skriftsystemet ikkje vore stabilt, fordi ei rekkje rettskrivingsreformer har vorte vedtekne opp gjennom åra, noko som tyder at eksisterande språkressursar kan ha bruk for ei oppdatering.

Som nemnt i avsnittet om særtrekk ved norsk talespråk, er samansette ord på norsk ei utfordring for all språkteknologi fordi det krev gode analyseverktøy for slike uttrykk. Ei av fleire utfordringar i omsetjing er bruk av norske refleksiv som i desse døma:

Per visste ikkje at Kari hadde freista å reparere bilen sin.

Ei korrekt omsetjing føreset ein djup grammatisk analyse av denne setninga.

3.3 NYARE UTVIKLINGSTREKK

I løpet av det siste tiåret har Språkrådet fatta ei rekkje vedtak som skal forenkle rettskriving i dei to målformene og gjere dei meir sameinte med den faktiske bruken. Ein har gått bort frå det tidlegare politiske målet om å slå dei to målformene saman, og variasjonen har i staden vorte redusert, sjølv om det enno er ein betydeleg grad av fridom.

Utanlandske filmar og fjernsynsprogram er vanlegvis ikkje dubba til norsk (i motsetnad til i mange andre land, som Tyskland og Spania), noko som gjer at generasjonar av nordmenn har vore sterkt eksponerte for engelsk, særleg i oppveksten.

Denne eksponeringa har truleg auka gjennom bruken av Internett. Difor har mange nordmenn gode ferdigheiter i engelsk. Nærveret av engelsk blir gjenspegla i lånord frå engelsk, men ei undersøking av nye ord i norske aviser i løpet av dei siste ti åra viser at berre rundt 5% av nyorda kjem frå engelsk [11].

Med eit domenetap for engelsk innanfor visse domene kan norsk bli delvis ubrukeleg som kommunikasjonsspråk.

Likevel uttrykkjer språkpolitikarar ei bekymring [12] for at norsk taper terreng innanfor visse domene, til dømes i IKT, næringsliv, økonomiske og administrative domene. Eit såkalla domenetap tyder at eit anna språk (engelsk, i tilfellet vårt) blir hovudspråket innanfor eit bestemt område, noko som tyder at nye norske termar ikkje lenger blir produserte i dette domenet. Dermed kan norsk bli delvis ubrukeleg som kommunikasjonsspråk, både mellom ekspertar på feltet og mellom ekspertar og ålmenta.

Ironisk nok kan fråværet av tilfredsstillande norske termar bidra til at språkbrukarane utviklar ei generell haldning om at det er lettare å uttrykkje noko på engelsk.

Sidan det generelt er vanskelegare å uttrykkje seg riktig og effektivt på eit framandspråk, er det viktig å auke medvitet om domenetap, fordi vi risikerer å ekskludere dei som ikkje kan engelsk frå å ta del i informasjonssamfunnet. Omsetjingar og forklaringar bør gjerast tilgjengelege der dette er naudsynt.

3.4 SPRÅKPOLITIKK I NOREG

Media speler ei betydeleg rolle for bevaringa av språk, og i norske medium er statusen til det norske språket udiskutabel. Det er 13 radiokanalar og 19 TV-kanalar som sender over heile Noreg (regionale og lokale radiokanalar ikkje inkluderte), og alle sender primært på norsk, bortsett frå nokre program på samisk og på teiknspråk. Alle framandspråklege program er teksta på norsk, bortsett frå nokre barneprogram som vanlegvis er dubba og program på andre skandinaviske språk som ein reknar at blir forstått. Ved direktesendingar på andre språk, også på engelsk, omset eller oppsummerer som regel norsktalande kommentatorar høgdepunkta.

Norsk er ikkje etter lova definert som nasjonalspråk i Noreg, og det har vorte sagt ironisk at det finst lover for å verne minoritetsspråk og standardnynorsk, men ingen språkpolitikk for å verne norsk [12]. Tre viktige lover styrer språkpolitikken. Den mest kjente er *Mållova* av 1980, i tillegg har vi *Samisk språklov* (1987) og *Lov om stadnamn* (1990) [2].

Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for norsk språkpolitikk, medan Språkrådet er autorisert til å utvikle og setje i verk den gjevne politikken. Språkrådet i Noreg har eit meir omfattande ansvar enn tilsvarande instansar i Sverige og Danmark. Mellom anna har det ansvar for tilsyn og standardisering av språket, for styrking av norsk i samfunnet, for dei to målformene, og for å ta seg av norsk teiknspråk og minoritetsspråk. Språkrådet har spelt ei viktig rolle for å få behovet for norsk språkteknologi på den politiske dagsordenen. Gjennom rapportar til regjeringa, strategidokument og mediedekning har dei fremja synet om at språkteknologi er viktig for Noreg, både økonomisk og kulturelt.

Språkbanken, oppretta i 2010, skal vere ein infrastruktur for bevaring og deling av språkressursar og utviklingsverktøy for både forsking og industri

Språkrådet bidrog også til å overtyde politikarane om at *Språkteknologisk ressurssamling for norsk – Språkbanken* burde etablerast som eit språkpolitisk verkemiddel, og dette synet vart fremja i fleire rapportar som finst på http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/IKT--sprak/Norsk-sprakbank/. Språkbanken er meint som "ei teneste til den delen av næringslivet som arbeider med utvikling av språkbasert IKT, til forskarar innan språkvitskap og språkteknologi, og til offentlege verksemder som utviklar elektroniske løysingar for offentlege tenester." Meir konkret skal Språkbanken vere ein infrastruktur for bevaring og deling av språkressursar og utviklingsverktøy for både forsking og industri. I etterkant av stortingsmeldinga *Mål og meining* [2] fekk Nasjonalbiblioteket i oppdrag å etablere Språkbanken og å starte innsamling og utvikling av språkressursar som skulle innlemast. Sidan juni 2011 er fleire språkressursar lagt ut, og er no fritt tilgjengeleg for nedlasting, gjennom Språkbanken, og nye ressursar er under utvikling. Oppdatert informasjon finst på http://www.nb.no/spraakbanken/.

Stortingsmeldinga *Mål og meining* understreka òg at terminologiske ressursar i Noreg har betydelege manglar med omsyn til dekningsgrad og at der difor er eit behov for oppdatering. Eksisterande terminologiressursar varierer sterkt med omsyn til format, innhald, struktur og metadata. Sidan bevaring av norsk terminologi er eit viktig språkpolitisk spørsmål, gav Språkrådet i Noreg, med økonomisk støtte frå Kulturdepartementet, selskapet Standard Noreg i oppdrag å utvikle ein fritt tilgjengeleg termbase med terminologi på fleire språk [13]. Denne termbasen vart gjord offentleg tilgjengeleg for nettsøk i 2011, men er så langt ikkje vorten gjord tilgjengeleg for nedlasting og bruk i vidare FoU.

3.5 SPRÅK OG UTDANNING

Nyare forsking tyder på at ein ikkje bør undervurdere kor viktig språk er i utdanningssamanheng. Frå eit språkteknologisk synspunkt er behovet for gode skriftlege hjelpemiddel difor klart.

Den første PISA-undersøkinga (2000) viste at norske elevar skåra marginalt over OECD-gjennomsnittet med omsyn til leseferdigheiter. Debatten i etterkant auka det offentlege medvitet om språklæring, og fleire nasjonale tiltak vart difor sette i verk for å stimulere norske elevar sine leseferdigheiter.

I den siste PISA-testen i 2009 [14] gjorde norske elevar det betydeleg betre med omsyn til leseferdigheiter (sjølv om gjennomsnittet i OECD òg har falle sidan 2000, noko som svekkjer verknaden av den tilsynelatande forbetringa hos norske elevar). Som i dei tidlegare PISA-testane var resultatet i 2009 særleg lågt for elevar med migrasjonsbakgrunn.

Der er eit klart behov for gode språkteknologiske skrivestøtteverktøy innan utdanningssektoren.

Når det gjeld leseferdigheiter hos vaksne, viser resultat frå undersøkinga "Adult Literacy and Life Skill" (ALL) at leseferdigheita hos 300.000 vaksne nordmenn, eller ein av ti, er så låg at dei får problem i det moderne samfunnet [15]. I undersøkinga blir individa sine leseevner rangerte på ein skala frå 1 til 5 for ulike område. Ifølgje OECDs definisjon vil lesarar på nivå 1 og 2 innanfor minst eitt av områda få problem i eit moderne informasjonssamfunn. I Noreg gjeld dette om lag 1 million lesarar.

Behovet for å lære både bokmål og nynorsk er eit kontroversielt tema i Noreg. I skulen avgjer kommunen hovudmålet i grunnskulane frå og med første klassa, medan sidemålsundervisinga vanlegvis blir introdusert i sjuande klassa. I dag har om lag 87% av alle norske elevar nynorsk som sidemål [16]. I hovudsak har dei med nynorsk som hovudmål få problem med å lære å meistre bokmål sidan dei er eksponerte for bokmål gjennom media og litteratur frå barnsbein av. Fleirtalet av elevane,

som altså har bokmål som hovudmål, opplever derimot ofte problem med å meistre nynorsk sidan dei har fått mindre opplæring og vore mindre eksponerte for det.
Statusen til norsk som skulefag i grunnskulen gjenspeglar til ei viss grad behovet for å prioritere leseferdigheiter. Ei undersøking publisert av Utdanningsdirektoratet i 2009 viser at norskfaget utgjer om lag 26% av undervisningstida for elevar mellom 6-12 år. På dette området ligg det norske skulesystemet nær Frankrike, Hellas og Nederland, der nesten ein tredjedel av undervisningstida for 9-til-11-åringar er i morsmålsopplæring.
Eit anna aspekt ved rolla til språket i opplæringa er at norskopplæring har vorte ein del av utlendingspolitikken i Noreg. I 2003 vart den såkalla *Introduksjonslova* vedteken. I følgje denne lova har innvandrarar rett og plikt til 300 timar undervising i norsk språk, historie, kultur og lovgjeving. I følgje *Utlendingslova* av 2008 er oppfylling av denne plikta ein av føresetnadene for å kunne få permanent opphald i Noreg.
Eit aktuelt tiltak for å gje elevar naudsynte språkferdigheiter for aktiv deltaking i samfunnet er å auke mengda av norskundervising i skulen. Språkteknologi kan vere eit viktig bidrag gjennom såkalla dataassistert språklæring (*computer-assisted language learning*; CALL), system som lèt elevane oppleve språk på ein attraktiv måte, til dømes ved å knyte vokabular i elektroniske tekster til lett forståelege definisjonar eller til lydar- eller videofiler som kan gje tilleggsinformasjon om til dømes uttale.

3.6 INKLUDERINGSASPEKT

Det er eit uttalt politisk mål i Noreg å sikre alle innbyggjarar like vilkår for deltaking. Fleire lover gjeld spørsmålet om inkludering, til dømes i *Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova* og *Lov om opplæring*, som spesifiserer at utdanning skal tilpassast behovet til den einskilde. Særlig viktig er *Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova*, som spesifiserer at nye IKT-løysingar retta mot ålmenta, til dømes sosiale nettverk eller offentlege nettsider, skal tilfredsstille lovkrava om tilgjenge innan 1. juli 2011. Innan 2025 skal alle IT-løysingar tilfredsstille lovkrava.

> Innan 2025 skal alle IKT-løysingar retta mot ålmenta, til dømes sosiale nettverk eller offentlege nettsider, tilfredsstille lovkrava om tilgjenge.

Tekstbaserte kommunikasjonsmedium (SMS, e-post, Facebook, blogging, Twitter) har i løpet av svært kort tid endra måten vi kommuniserer på. Mykje fagleg og personleg kommunikasjon, og til og med viktige offentlege debattar, føregår på Internett. Slike digitale nettverk krev at tekster av høg kvalitet blir produserte raskt.
For dei fleste er nett- og tekstbasert kommunikasjon ein rikdom, men ikkje alle er komfortabel med denne kommunikasjonsmåten. For det første har anslagsvis 5% av innbyggjarane alvorleg dysleksi, medan så mange som 20% av dei mellom 16 og 20 år har generelle lese- og skrivevanskar, ifølgje Dysleksiforbundet. For det andre er mange språkbrukarar med norsk som andrespråk framleis i ein læringsprosess. Omtrent to av tre innvandrarar har svake leseevner [17]. For det tredje skriv grupper av rørslehemma, svaksynte eller blinde brukarar ofte feil fordi dei mistolkar talerespons eller er ikkje registrerer feil som akkurat er gjort. Alle desse gruppene kan oppleve større problem med tekstbruk under tidspress. Personar med motoriske vanskar kan òg oppleve problem med tekstbruk og treng ofte spesielt tilpassa løysingar.
Med andre ord er det ein reell fare for at desse gruppene vil bli hindra frå å dra full nytte av slike tekstbaserte kommunikasjonsmedium, med mindre dei får tilgjenge til brukarvennlege verktøy som kan støtte kommunikasjonsprosessen. Til sjuande og sist er denne utfordringa potensielt eit demokratisk problem. Brukarvennlege språkteknologiske verktøy er her eit av dei viktigaste grepa for å oppfylle lova om universell utforming og å syte for at alle blir inkluderte.

3.7 INTERNASJONALE ASPEKT

Engelsk er utan tvil det dominerande språket i norske vitskaplege publikasjonar. Ein studie frå 2004 viste at om lag åtte av ti vitskaplege artiklar skrivne av norske forskarar vart utgjevne på engelsk; meir enn ein tredjedel av desse vart publiserte utanfor Noreg [18].

Vi ser den same engelske dominansen i næringslivet [16, 19]. Ein stadig meir internasjonal arbeidsstokk skaper fleirspråklege arbeidsplassar der engelsk blir arbeidsspråket. Noreg har ein eksportbasert økonomi, og er tungt involvert i internasjonal humanitær, diplomatisk og militær aktivitet; sistnemnde i regi av SN eller NATO. Gode kunnskapar i engelsk og andre framandspråk er difor viktig for nordmenn på mange område, frå næringsliv og høgare utdanning til det militære, politikk og diplomati. Engelsk er det mest brukte framandspråket, og sjølv om nordmenn har ord på seg for å vere dugelege i engelsk, manglar likevel mange språkbrukarar dugleiken som trengst for avansert bruk i jobbsamanheng. Ei rekkje av dei spurde i departementa meiner at bruk av engelsk går utover Noregs innverknad til dømes i forhandlingar på europeisk nivå, medan bruken av engelsk i næringslivet har ført til veikte forretningsmogelegheiter og til og med tap av kontraktar.

> Fungerande system for maskinomsetjing vil vere avgjerande for å gje nordmenn fridomen til å bruke morsmålet sitt i framtida.

Språkteknologi kan møte denne utfordringa frå eit anna perspektiv ved å tilby tenester som maskinomsetjing eller tverrspråkleg informasjonsinnhenting, og dermed bidra til å redusere dei personlege og økonomiske ulempene som dei som ikkje har engelsk som morsmål ofte møter. Faktisk vil maskinomsetjing vere avgjerande for å gje nordmenn fridomen til å halde fram å bruke morsmålet sitt i framtida. I situasjonar der nordmenn treng å kommunisere på engelsk, står ein som regel overfor valet mellom å skrive dokument éin gong på engelsk, eller dobbelt opp på engelsk og norsk. Med eit fungerande norsk-til-engelsk maskinomsetjingssystem kan norsk oppretthaldast som arbeidsspråk i Noreg.

3.8 NORSK PÅ INTERNETT

I 2010 hadde om lag 93% av norske innbyggjarar internettilgang ifølge MedieNorge. Omtrent 68% var på nettet kvar dag; blant unge er talet endå høgare. Ein studie frå 2010 viste at meir enn 2,5 millionar nordmenn, om lag halvparten av innbyggjarane, har ein Facebookprofil, noko som plasserer nordmenn blant dei mest dedikerte brukarane av dette sosiale mediet. Estimat viser at det finst om lag 34 millionar nettsider på norsk.

> Den aukande bruken av Internett speler ei viktig rolle for språkteknologi.

Den enorme mengda digitale språkdata er ein viktig ressurs for å analysere nytta av naturleg språk, spesielt for innsamling av statistisk informasjon om språkmønster. Internett omfattar òg eit breitt utval av bruksområde for språkteknologi.

I Noreg er ein i ferd med å utvikle to forskingsdrivne tekstkorpus basert på tekst frå Internett. Det største tilgjengelege norske korpuset per i dag er Norsk aviskorpus, eit monitorkorpus av norske avistekster publiserte på nett. Korpuset er utvikla i samarbeid mellom NHH i Bergen og Uni Research, Bergen. Korpuset er no på over 900 millionar ord og blir utvida i gjennomsnitt med 1 millionar ord i veka, dvs. ei mengd ord tilsvarande om lag 10 romanar. Det andre internettkorpuset, NoWaC, er utvikla ved Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo, og inneheld om lag 700 millionar ord lasta ned frå hovuddomenet .no.

Når det gjeld parallell eller omsett tekst på Internett, er tilgjenget avgrensa for norsk samanlikna med andre europeiske språk. Omsette tekster til og frå norsk er vanskelege å finne (med unntak av tekster med relevans for EØS er EU-tekster generelt ikkje omsette til norsk), og slike ressursar er naudsynte for maskinomsetjing og programvare for omsetjingsminne. Sett i ljos av det forventa behovet har forholdsvis lite språkteknologi vorte utvikla og nytta for omsetjing av nettstader. Den mest brukte nettapplikasjonen er nettsøk, som inneber automatisk prosessering av språk på fleire nivå (dette vil bli gått gjennom i meir detalj seinare). Nettsøk føreset avansert språkteknologi som er ulikt for kvart språk. På grunn av dei to målformene i norsk, og dessutan betydelege variasjonar innanfor dei, må ein ofte gå gjennom ei omfattande mengd variantar av søkeord eller setningar som skal passe saman. Det neste kapitlet gjev ei innføring i språkteknologi og dei viktigaste bruksområda, saman med ei evaluering av dagens språkteknologi for norsk.

4

SPRÅKTEKNOLOGISK STØTTE FOR NORSK SPRÅK

Språkteknologiske verktøy og ressursar er programvare utvikla for å handsame menneskeleg språk, og blir difor ofte kalla 'menneskeleg språkteknologi'. Menneskeleg språk finst i munnleg og skriftleg form. Medan tale er den eldste og evolusjonsmessig mest opphavlege forma for språkleg kommunikasjon, blir kompleks informasjon og det meste av menneskeleg kunnskap lagra og overført i skriftlege tekster. Teknologi for tale og tekst prosesserer eller produserer språk i høvesvis munnleg og skriftleg form, men begge typar teknologi brukar ordbøker og grammatiske og semantiske reglar. Dette tyder at språkteknologi knyter språk til ulike former for kunnskap, uavhengig av mediet (tale eller tekst) kunnskapen er uttrykt i. Figur 1 illustrerer det språkteknologiske landskapet.

Når vi kommuniserer, kombinerer vi språk med andre kommunikasjonsmåtar og informasjonsmedium – til dømes kan det å snakke omfatte både gestar og andletsuttrykk. Digitale tekster kan knyte seg opp mot både bilete og lydar. Filmar kan innehalde språk i både munnleg og skriftleg form. Med andre ord er tale- og teksteknologi overlappande, og dei samhandlar med andre teknologiske verktøy som bidreg til handsaming av multimodal kommunikasjon og multimediedokument.

I det følgjande vil vi diskutere dei viktigaste bruksområda for språkteknologi, dvs. korrekturlesing, nettsøk, taleteknologi og maskinomsetjing.

Dette omfattar program og grunnleggjande teknologiar som:

- korrekturlesing
- skrivestøtte
- dataassistert språklæring
- informasjonsinnhenting
- informasjonsekstrahering
- tekstsamandrag
- svar på spørsmål/dialogsystem
- taleattkjenning
- talesyntese

Språkteknologi er eit etablert forskingsfelt, og det finst eit omfattande utval av introduksjonslitteratur.
For vidare lesing tilrår vi lærebøkene [20, 21], oversiktsverka [22] og nettsida LT World (http://www.lt-world.org).
Før vi går vidare til ein diskusjon av desse bruksområda, skal vi kort skildre oppbygginga av eit typisk språkteknologisk system.

4.1 APPLIKASJONS-ARKITEKTURAR

Dataprogram for språkhandsaming består typisk av fleire komponentar som gjenspeglar ulike aspekt ved språket. Slike applikasjonar er som oftast svært komplekse, og figur 2 viser ein svært forenkla arkitektur for eit vanleg teksthandsamingsprogram. Dei tre første modulane handsamar strukturen og tydinga til den analyserte teksten:



1: Språkteknologi

1. Preprosessering: Reinsar data, analyserer eller fjernar formatering, identifiserer inndataspråk, osb.
2. Grammatisk analyse: Finn verbet, identifiserer objekta til verbet, modifikatorar og andre setningskomponentar, identifiserer setningsstruktur.
3. Semantisk analyse: Utfører disambiguering (dvs. bereknar tydinga av eit ord i ein gjeven kontekst); løyser opp anaforar (dvs. finn kva for pronomen som refererer til kva for substantiv i setninga); representerer setningstydinga på ein maskinleseleg måte.

Etter tekstanalysen kan modular innretta mot spesifikke oppgåver takast i bruk, til dømes automatisk samandrag og databasesøk.

I resten av denne kapitlet skal vi først gje ei skildring av dei viktigaste bruksområda for språkteknologi. Deretter følgjer eit kort oversyn over situasjonen for språkteknologisk forsking og utdanning i dag, saman med ei skildring av tidlegare og noverande forskingsprogram. Til slutt skal vi presentere eit ekspertestimat for dei viktigaste språkteknologiske verktøya og ressursane for norsk, vurdert etter ulike kriterium som tilgjenge, mogenskap og kvalitet. Den generelle situasjonen for språkteknologi for norsk språk er oppsummert i ein eigen tabell (figur 8), som gjev eit oppdatert oversyn over språkteknologi for norsk. Den språkteknologiske støtta for norsk språk er òg samanlikna med dei andre språka som er analyserte i denne kvitbokserien.

4.2 DEI VIKTIGASTE BRUKSOMRÅDA

I dette avsnittet fokuserer vi på dei viktigaste språkteknologiske verktøya og ressursane, og gjev eit oversyn over språkteknologisk verksemd i Noreg.

4.2.1 Korrekturlesing

Alle som har brukt eit teksthandsamingsprogram som Microsoft Word veit at det har ein stavekontroll som uthevar stavefeil og føreslår rettingar. Dei første stavekontrollane samanlikna ei liste av utvalde ord mot ei ordbok med korrekte ord. I dag er slike program langt meir sofistikerte. Ved å bruke språkspesifikke algoritmar for **grammatisk analyse** kan dei oppdage morfologiske feil (t.d. fleirtalsformer) og dessutan syntaktiske feil, til dømes manglande verb eller gal verbbøying (t.d *ho *skrive eit brev*). Men dei fleste stavekontrollar vil ikkje finne nokon feil i denne engelske teksten, fordi alle orda er korrekt stava, sjølv om enkelte av ordvala er feil [23]:

> I have a spelling checker,
> It came with my PC.
> It plane lee marks four my revue
> Miss steaks aye can knot sea.

For å avdekke slike feil trengst ei analyse av konteksten, til dømes for å avgjere om eit norsk ord skal stavast med



2: Ein typisk applikasjonsarkitektur for tekstprosessering

enkel eller dobbel konsonant i norsk, som i *vil* vs. *vill*. Denne typen analyse må anten baserast på språkspesifikke **grammatikkar** som ekspertar gjennom mykje arbeid har koda i programvara, eller på ein statistisk språkmodell. I ein statistisk modell reknar ein ut sannsynet for at eit bestemt ord finst i ein viss posisjon i teksten. Til dømes er *eg vil ha* ein mykje meir sannsynleg ordsekvens enn *eg vill ha*. Ein statistisk språkmodell kan genererast automatisk ved hjelp av ei stor mengd av (riktige) språkdata, eit **tekstkorpus**.

Desse to tilnærmingane har i hovudsak vorte utvikla med utgangspunkt i materiale frå engelsk. Likevel kan ingen av dei enkelt overførast til norsk, sidan norsk har annleis ordstilling, samansette ord og eit meir omfattande bøyingsmønster for visse ordklasser enn engelsk. Studiar med utgangspunkt i norsk er difor naudsynt. Sidan norsk har to offisielle målformer, der den eine er mindre brukt, er behovet for gode korrekturverktøy for kvar av målformene stort.

Korrekturlesingsverktøy er ikkje avgrensa til teksthandsamingsprogram, det er òg brukt i "skrivestøttesystem", dvs. programvaresystem som blir brukte for å skrive manualar og andre typar teknisk dokumentasjon som må oppfylle spesielle standardar til dømes innan IT- og helsesektoren og innan ingeniørverksemd. I frykt for kundeklager og skadekrav som følgje av uklare instruksjonar, fokuserer næringslivet i aukande grad på teknisk dokumentasjonskvalitet, samstundes som dei rettar seg mot ein internasjonal marknad (via omsetjings- eller lokaliseringstenester). Framsteg innan prosessering av naturleg språk har ført til utvikling av programvare for skrivestøtte. Slik programvare hjelper forfattarar av teknisk dokumentasjon til å bruke ordtilfang og setningsstrukturar som er i samsvar med industrireglar og (bedriftsinterne) terminologiske restriksjonar.

Korrekturlesingsverktøy blir ikkje berre brukt til teksthandsaming, det blir også brukt i skrivestøttesystem.

Gode korrekturlesingsverktøy kan vere ein viktig reiskap for personar med skrivevanskar, anten det er dyslektikarar eller andrespråkselevar, sidan ein kontekstsensitiv analyse gjer det mogleg å føreslå færre og meir relevante stavemåtar; det motsette, mange val, krev nettopp eit høgt nivå av leseferdigheit og språkleg medvit.
Nokre få norske selskap og språktenesteleverandørar utviklar produkt på dette området. I forskingssektoren blir det utvikla grunnleggjande språkteknologiske ressursar som kan vere av nytte for grammatikk- og stavekontroll (leksikon, ordlister, tekstkorpus, analyseverktøy for samansette ord); desse er i hovudsak utvikla ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og Uni Research i Bergen.
Det mest brukte korrekturverktøyet for norsk finst i Microsoft Office-pakka, og er laga av det finske firmaet



3: Korrekturlesing (over: statistisk; under: regelbasert)

Lingsoft, medan delar av grammatikkontrollen for bokmål vart utvikla av forskarar ved Universitetet i Oslo. Stavekontroll for bokmål og nynorsk med open kjeldeteknologi, som *Hunspell*, er også tilgjengeleg.

Ein annan norsk kommersiell aktør er Tansa, som spesialiserer seg på korrekturverktøy tilpassa dei spesifikke behova og ordtilfanget større føretak har. Dei dekkjer fleire språk i tillegg til norsk bokmål og nynorsk (til dømes engelsk, tysk, spansk og fransk), og kundane spenner frå NRK til Financial Times. Nynodata AS tilbyr eit omsetjingsverktøy frå bokmål til nynorsk som samstundes hjelper brukaren å følgje ein konsekvent formbruk.

Tre selskap rettar seg spesifikt mot skriftlege hjelpemiddel for dyslektikarar. To av dei, Lingit og Include, inneheld ein stavekontrollmodul i tillegg til andre lese- og skriveverktøy (ordprediksjon, tekst-til-talekomponentar), medan MikroVerkstedet tilbyr fullføring av ord og ordprediksjon.

Ved første augnekast synest dermed situasjonen for korrekturverktøy på norsk å vere god. Men samstundes er fleire av initiativa nokså sårbare. Til dømes er norsk korrekturlesing basert på open kjeldekode (*aspell, Hunspell*) driven av tre einskildpersonar som gjer dette på fritida. Med andre ord er ein av dei viktigaste norske konkurrentane til Microsofts programvare avhengig av eit personleg initiativ frå ei handfull idealistiske einskildpersonar, snarare enn ein systematisk innsats for å utvikle modular med open kjeldekode. Vidare er det ei viktig utfordring for dei fleste norske korrekturlesingsverktøya å *forbetre* eksisterande ressursar ved å utvikle meir avanserte språkteknologiske verktøy. Det manglar òg språkspesifikke verktøy for automatisk omsetjing og omsetjingsstøtte. Verktøy med omsetjingsminne som Trados finst, men dei har inga språkspesifikk tilpassing til norsk utover ein grunnleggjande stavekontroll.

Utover korrekturlesnad og skrivestøtte er korrekturverktøy òg viktig innanfor dataassistert språklæring. Korrekturverktøy kan òg automatisk korrigere nettsøk, som i Google sine *Meinte du...* – forslag til korrekte nettsøk.

4.2.2 Nettsøk

Digitale søk er sannsynlegvis den mest brukte språkteknologiske applikasjonen, men han er òg i stor grad underutvikla. Søkemotoren Google, som vart oppretta i 1998, utfører no om lag 80% av alle nettsøk [24]. Googles søkegrensesnitt og resultatvising har ikkje endra seg vesentleg sidan den første versjonen. Men i den noverande versjonen tilbyr Google stavekorrigering for feilstava ord, og har innarbeidt grunnleggjande semantiske søkemoglegheiter som kan betre nøyaktigheita gjennom analysar av tydinga til ordet i ein gjeven søkekontekst [25]. Google sin suksess viser at med ei stor mengd tilgjengelege data kan ein statistisk orientert metode gje tilfredsstillande resultat.

For meir sofistikerte informasjonssøk er det likevel avgjerande å integrere djupare lingvistiske analysar for teksttolking. Eksperiment med **leksikalske ressursar**, som maskinleselege tesaurusar eller ontologiske språkressursar (til dømes WordNet for engelsk, eit norsk ord-



4: Nettsøk

nett er venta innan utgangen av 2012), har gjeve betre resultat når det gjeld å finne nettsider som inneheld synonym til den opphavlege søketermen, som *atomkraft*, *kjerneenergi* og *nukleærenergi*, og til og med termar som er endå lausare tilknytte.

Den neste generasjonen søkemotorar må bruke ein mykje meir sofistikert språkteknologi, særleg for søk som består av eit spørsmål eller ein annan type setning, og ikkje berre ei liste av nøkkelord. For å svare på søket *Gje meg ei liste over alle selskap som har vorte tekne over av eit anna selskap dei siste fem* må systemet gjere ein syntaktisk og **semantisk analyse** av setninga og lage eit hurtig oversyn over relevante dokument. Eit tilfredsstillande svar føreset ein syntaktisk analyse av den grammatiske strukturen til setninga for å slå fast at brukaren spør etter selskap som har vorte kjøpte opp, ikkje selskap som har kjøpt opp andre. Når det gjeld uttrykket *dei siste fem åra*, må systemet avgjere kva for år det dreier seg om. Søket må så samanliknast mot ei stor mengd ustrukturerte data for å finne relevante treff. Dette blir kalla informasjonshenting (engelsk *Information Retrieval*), og omfattar søk og rangering av relevante dokument. For å lage ei liste over selskapa treng systemet òg å forstå at ein viss ordstreng i eit dokument er namnet på eit selskap, ein prosess som blir kalla namneattkjenning.

Ei endå større utfordring er å freiste å finne treff på eit søk i dokument på eit anna språk. Ved informasjonssøk på tvers av språk må søkeordet omsetjast automatisk til alle potensielle kjeldespråk, og resultata må deretter omsetjast tilbake til språka til brukaren.

> Den neste generasjonen søkemotorar må bruke ein mykje meir sofistikert språkteknologi.

Sidan data i aukande grad blir oppbevart i andre format enn tekst, trengst ei teneste for multimedial informasjonsinnhenting som lèt oss søkje i bilete, lydfiler og videomateriale. Når det gjeld lyd- og videofiler, må ein taleattkjenningsmodul konvertere taleinnhaldet til tekst (eller fonetiske representasjonar) som så kan gje treff mot eit brukarsøk.

I Noreg utvikla Opera Software den første norske nettlesaren og Internettprogramvaren. Opera byrja i 1994 som eit forskingsprosjekt i Telenor. Etter eit år vart det skilt ut som eit uavhengig utviklingsselskap, Opera Software ASA. Nokre norske selskap utviklar eller appliserer søkeløysingar (CognIT, Comperio, TextUrgy, Abtrox og Infofinder). FAST utvikla ein søkemotor som vart kjøpt opp av Microsoft, og som no blir forhandla av Comperio. Utviklingsfokuset til desse selskapa er hovudsakleg retta mot å tilby tilleggsprogram og avanserte søkemotorar som utnyttar domenerelevant informasjon. IT-industrien i Noreg har altså allereie eit ganske godt grunnlag når det gjeld nettsøk og informasjonsinnhenting; det største behovet som føretaka rapporterer om, gjeld kvalitetssikra språkteknologiske komponentar.

4.2.3 Taleteknologi

Dei grunnleggjande taleteknologiane er taleattkjenning og talesyntese, som kan brukast til å utvikle til dømes taleinteraksjonsteknologi og dialogsystem. Taleteknologi blir brukt for å lage grensesnitt som lèt brukarane samhandle gjennom talespråk framfor å bruke ein grafisk skjerm, tastatur og mus. I dag blir talegrensesnitt brukt til heilt og delvis automatiserte telefontenester som selskap tilbyr kundane sine, tilsette eller partnarar. Talegrensesnitt blir brukt i stor grad til mellom anna banktenester, distribusjonskjeder, kollektivtransport og i telesektoren. Taleteknologi blir òg brukt til grensesnitt for navigasjonssystem i bilar og til bruk av talespråk som eit alternativ til grafiske grensesnitt eller trykkfølsame skjermar i smarttelefonar.

Taleteknologi omfattar fire typar verktøy:

1. Automatisk **taleattkjenning** (tale-til-tekst) avgjer orda som faktisk blir sagde i ein gjeven lydsekvens ytra av ein språkbrukar.
2. Naturleg språkforståing analyserer den syntaktiske strukturen i ytringa og tolkar ytringa ut frå systemet som blir brukt.
3. Dialogstyring avgjer kva for handling som skal utførast, gjeve ein bestemt brukarinput og ein viss systemfunksjonalitet.
4. **Talesyntese** (tekst-til-tale) omskaper svaret frå systemet til lydar som er forståelege for brukaren.

Ei viktig utfordring for automatiske taleattkjenningssystem er å kjenne att orda som blir ytra. Utvalet av moglege ytringar må då enten avgrensast til eit knippe nøkkelord, eller at ein manuelt lagar språkmodellar som dekkjer eit stort omfang av naturlege språkytringar. Ved hjelp av maskinlæringsteknikkar kan ein òg automatisk generere språkmodellar frå **talekorpus**, dvs. store samlingar av tale i lydfiler og teksttranskripsjonar. Å avgrense ytringane inneber vanlegvis at brukarane blir pålagde å bruke grensesnittet på ein avgrensa måte, noko som kan svekkje aksepten til brukaren av verktøyet; på den andre sida vil det auke kostnadene monaleg å skape, fininnstille og vedlikehalde rike språkmodellar. Talegrensesnitt som bruker språkmodellar og lèt brukaren uttrykkje seg meir fleksibelt i byrjinga – ved hjelp av ein førespurnad som: *Kva kan eg gjere for deg?* – er generelt automatisert og gjev ofte ei betre oppleving for brukarane.

> Taleteknologi blir brukt til å lage grensesnitt som lèt brukarane samhandle gjennom talespråk heller enn å bruke ein grafisk skjerm, tastatur og mus.

Føretak bruker ofte førehandsinnspelt tale, innspelt av profesjonelle for å generere materialet som skal brukast i talegrensesnitt. For statiske ytringar, der formuleringane ikkje avheng av ein viss situasjon eller personlege brukardata, kan dette gje ei god brukaroppleving. Men meir dynamisk ytringsinnhald kan pregast av unaturleg intonasjonsmønster fordi dei rett og slett blir produserte ved



5: Talebasert dialogsystem

å lime ulike lydfiler saman. Dagens talesyntese har vorte stadig betre til å produsere dynamiske ytringar som høyrest naturlege ut, sjølv om dei framleis har eit forbetringspotensial.

Det siste tiåret har det skjedd ei betydeleg standardisering av talegrensesnitt når det gjeld dei ulike teknologiske komponentane. Det har òg vore ei sterk marknadskonsolidering innan taleteknologi. I G20-landa (dei 19 landa i verda med best økonomi og dessutan EU) har berre fem globale aktørar dominert marknaden, med Nuance (USA) og Loquendo (Italia) som dei viktigaste i Europa. I 2011 kunngjorde Nuance oppkjøpet av Loquendo, og dette innebar eit nytt steg i retning av ei sterkare konsolidering av marknaden.

For norsk talesyntese finst tretten norske stemmer; dei fleste har vorte utvikla av aktørane vi har nemnt ovanfor. Tre stemmer har vorte utvikla av det norske føretaket Lingit, som rettar seg mot brukarar med lese- og skrivevanskar. Ei anna stemme vart utvikla ved Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek i samarbeid med søsterbiblioteket i Sverige. Der er òg ei aktiv forskargruppe ved NTNU i Trondheim.

Språkressursar for talesyntese finst på engelsk, men berre i liten grad for norsk.

Kvaliteten på talesyntese er sterkt avhengig av tilgjengelege ressursar (spesielt tekstkorpus tagga med informasjon om ordklasse, tokenisatorar og uttaleleksika) og språkspesifikk forsking på til dømes prosodiske trekk i det aktuelle språket. Det finst mange slike ressursar på engelsk, men berre i liten grad for norsk. Likevel er behovet ekstra stort for norsk på grunn av det store mangfaldet i moglege stavemåtar og dialektar, i tillegg til utfordringar knytte til tonelag og ein manglande éin-til-éin-relasjon mellom lydar og bokstavar.

Når det gjeld teknologi og kunnskap for dialogstyring, er den norske marknaden dominert av mindre, norske føretak. MediaLT har utvikla ein generell taleattkjennar som blir til brukt til dialogstyring for blinde og svaksynte. Innan tale-til-tekst har Max Manus integrert og tilrettelagt Phillips' SpeechMagic for norske sjukehus. Systemet er relativt vellukka, men har eit relativt avgrensa bruksområde med eit lukka vokabular. Nyleg vart Dragon Dictation, ein stemmeattkjenningsapplikasjon for mobiltelefonar, lansert for norsk. Denne applikasjonen er det første *generelle* dikteringssystemet for norsk, men den norske versjonen av Dragon Dictation tolkar betydeleg meir feil enn den engelske versjonen. For taleinteraksjon finst det enno ikkje ein fungerande marknad for lingvistiske kjerneteknologiar for syntaktisk og semantisk analyse.

Når ein ser framover, kan ein vente ei stor utvikling på grunn av større bruk av smarttelefonar som ei ny plattform for å handsame kunderelasjonar, i tillegg til eksisterande kommunikasjonsmedia som fasttelefonar, Inter-

nett og e-post. Dette vil sannsynlegvis òg påverke nytta av taleteknologi og dialogsystem. På sikt vil der sannsynlegvis bli færre telefonbaserte talegrensesnitt, og talespråksapplikasjonar vil spele ei langt meir sentral rolle som ein brukarvennleg interaksjonsmåte med smarttelefonar. Denne utviklinga vil sannsynlegvis primært drivast fram gjennom stegvise forbetringar av taleattkjenningssystem som ikkje er fokuserte på ein gjeven brukar, via dikteringssystem som alt blir tilbodne som sentraliserte tenester for smarttelefonbrukarar.

4.2.4 Maskinomsetjing

Tanken om å bruke datamaskiner til å omsetje naturleg språk vart introdusert i 1946, og utløyste ein omfattande forskingsinnsats på 50-talet, som så vart gjenoppliva på 80-talet. Likevel har **maskinomsetjing** (MO) framleis ikkje levd opp til dei tidlege forhåpningane om å kunne tilby generell, automatisert omsetjing.

Den mest grunnleggjande tilnærminga til maskinomsetjing er automatisk å erstatte ord i eit språk med ord i eit anna språk. Dette kan fungere bra for domene der ordtilfanget er avgrensa og standardisert, som til dømes vêrmeldingar. Men for å lage gode omsetjingar av tekster frå meir generelle domene må ein omsetje større tekstbitar (ordgrupper, setningar, eller til og med heile avsnitt), og kvar tekstbit må vere i samsvar med tilsvarande del i kjeldeteksta. Maskinomsetjing er først og fremst vanskeleg fordi menneskeleg språk er fleirtydig.

> Maskinomsetjing er først og fremst vanskeleg fordi menneskeleg språk er fleirtydig.

Fleirtydig språk gjev utfordringar på fleire nivå, mellom anna kan ein ha bruk for å løyse det fleirtydige både på ordnivå og på setningsnivå. I ei enkel ord-for-ord-omsetjing til engelsk kan setninga *Plutseleg rauk slangen* difor gje resultatet *Suddenly smoked the snake.* Verbforma *rauk* (preteritum av *ryke*) er fleirtydig mellom det vi på engelsk ville omsetje som høvesvis *snap* og *smoke*. Orda *slange* er på si side fleirtydig mellom 'vasslange' (engelsk *hose*) og 'reptilslange' (engelsk *snake*). Legg òg merke til at ei enkel ord-for-ord-omsetjing ikkje ville gjeve rett rekkjefølgje av orda på engelsk.

I tillegg til leksikalsk fleirtydigheit og skilnader i ordstilling kjem utfordringar med syntaktiske fleirtydigheiter. På norsk kan ein til dømes topikalisere objektet i ei setning, medan opninga for å gjere dette på engelsk er mykje meir avgrensa. Den norske setninga *Epla åt mannen* har to ulike tolkingar: anten blir *epla* analysert som subjektet til setninga (mannen vart eten av epla), eller som eit topikalisert objekt (epla vart etne av mannen). Sidan denne fleirtydigheita ikkje finst på engelsk, må eit maskinomsetjingssystem først finne den korrekte syntaktiske tolkinga for å kome fram til ei korrekt omsetjing.

Ei anna utfordring for maskinomsetjing for norsk er samansette ord. Eit effektivt omsetjingssystem må kunne identifisere samansette ord som ikkje står i ordboka, analysere dei, og om naudsynt lage nye samansette ord i målspråket.

For omsetjingar mellom språk som er nært i slekt kan ei enkel ord-for-ord-omsetjing la seg gjere. Men maskinomsetjingssystem kan òg byggjast ved å bruke lingvistiske reglar. Regelbaserte (eller kunnskapsdrivne) system analyserer kjeldeteksten, og lagar ein mellomståande symbolsk representasjon. På grunnlag av den symbolske representasjonen kan ein så generere tekst til målspråket. Kvaliteten på slike metodar avheng i stor grad av tilgangen til omfattande ordbøker med morfologisk, syntaktisk og semantisk informasjon, i tillegg til store sett med grammatiske reglar utvikla av språkforskarar. Dette er ein veldig omfattande, og difor dyr, prosess.

På slutten av 80-talet, då datamaskinkapasiteten auka, auka òg interessa for statistiske modellar for maskinomsetjing. Statistiske modellar for maskinomsetjing er basert på analysar av tospråklege tekstkorpus, som **parallellkorpuset** Europarl, som består av møtereferat frå



6: Maskinomsetjing (venstre: statistisk; høgre: regelbasert)

Europaparlamentet på 11 europeiske språk (norsk er ikkje inkludert). Viss ein har tilgang til tilstrekkelege mengder data, kan statistisk maskinomsetjing fungere godt nok til å finne den omtrentlege tydinga til ei tekst på eit anna språk, gjennom å prosessere parallelle versjonar av tekst og dermed finne sannsynlege ordmønster. Datadriven maskinomsetjing har sine fordelar, fordi ho krev mindre menneskeleg innsats, og kan fange opp særmerkte trekk ved språket (til dømes idiomatiske uttrykk) som kan oversjåast av kunnskapsdrivne system. Men i motsetnad til kunnskapsdrivne system gjev statistisk (eller datadrive) maskinomsetjing ofte ugrammatiske resultat.

Ofte er det altså slik at fordelane og ulempene ved kunnskapsdriven og datadriven maskinomsetjing utfyller kvarandre. Difor fokuserer nyare forsking ofte på hybridtilnærmingar som kombinerer begge metodane. Ei slik tilnærming bruker både kunnskapsdrivne og datadrivne system saman med ein selekteringsmodul som avgjer det beste resultatet for kvar setning. For setningar lengre enn om lag tolv ord blir likevel resultata som regel mindre gode. Her kan ei betre løysing vere å kombinere dei beste delane frå kvar setning frå fleire ulike kjelder. Dette kan vere ei ganske kompleks oppgåve, sidan det ikkje alltid er klart kva for delar som passar saman. Desse må identifiserast og parallellstillast.

Sjølv om det er eit klart behov for maskinomsetjing for norsk, er utviklinga av slik programvare for norsk enno ikkje omfattande.

Når det gjeld omsetjing mellom dei to norske målformene, er behovet for effektive omsetjingsverktøy stort. To selskap har utvikla system for dette, Nynodata og Apertium. Nynodata er eit lite føretak som tilbyr verktøy for omsetjing, korrektur og tekstsøk for bokmål og nynorsk. Apertium er eit open-kjelde-initiativ som òg tilbyr automatisert omsetjing mellom dei to målformene, implementert av ein student ved Universitetet i Bergen.

Når det gjeld omsetjing mellom norsk og ulike framandspråk, har Google Translate ein norsk modul for omsetjing mellom engelsk og norsk; via engelsk er det mogleg å omsetje mellom norsk og kvart eit språkpar som inneheld engelsk. GramTrans er ei maskinomsetjingsplattform som er utvikla av det danske GrammarSoft ApS og det norske føretaket Kaldera Språkteknologi AS. Denne omsetjingsmotoren tilbyr ei teneste for gratis, nettbasert omsetjing for dei skandinaviske språka og mellom norsk og engelsk. Programmet er basert på ein robust grammatikkanalyse, ein transferkomponent som handsamar overgangen frå eitt språk til eit anna med omsyn til leksikon og grammatikk, og til slutt ein komponent som genererer omsett tekst på målspråket. Selskapet Clue Norge spesialiserer seg på elektroniske ordbøker for næringslivet, og utvikla for om lag ti år sidan systemet Textran for maskinomsetjing frå engelsk til norsk. Systemet

eksisterer enno, men har ikkje vorte vidareutvikla fordi jamt pålitelege maskinomsetjingar av høg kvalitet er særs vanskeleg å oppnå, medan brukargruppene ikkje ynskte å betale for eit system som gjorde feil.

Sjølv om det føregår ein betydeleg forskingsinnsats på dette området, både nasjonalt og internasjonalt, har datadrivne og hybride system så langt vore mindre vellukka i applikasjonar for næringslivet enn i forskingslaboratoriet. I Noreg finst den viktigaste forskingsekspertisen ved Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen.

Språktenesteindustrien i Noreg har tilsynelatande eit underforbruk av språkteknologiske ressursar.

Å bruke maskinomsetjing kan auke produktiviteten betydeleg, så lenge systemet er tilpassa brukarspesifikk terminologi og er godt integrert i arbeidsflyten på ein arbeidsplass. Generelt verkar det likevel som at språktenesteindustrien i Noreg har eit underforbruk av språkteknologiske ressursar. Sektoren kan delast i to grupper: på den eine sida har ein frilansomsetjarar og omsetjingsbyrå som rettar seg mot einskildpersonar, næringslivet og offentleg sektor; på den andre sida har ein omsetjarar som er knytte til Oversetterforeningen og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.

I den siste gruppa verker det som språkteknologi berre er i avgrensa bruk. Den førstnemnde gruppa bruker ofte Trados, som er det klart mest brukte omsetjingsverktøyet for profesjonelle omsetjarar. Trados har likevel ingen eigen modul for norsk, men støttar seg i staden på Hunspell, ei open-kjelde-løysing med stavekontroll og eit morfologisk analyseverktøy som opphavleg vart utvikla for ungarsk. Sjølv om det er ei funksjonell og open løysing, treng ho ytterlegare utvikling for å fungere som ein optimal ressurs for språktenestesektoren i Noreg. Særleg stort er behovet for å forbetre analysen av samansette ord på norsk. I tillegg bruker profesjonelle omsetjarar termbasar (DU, IATE), og til ein viss grad er der eit samarbeid med universitetssektoren i utviklinga av termbasar. Det tilsynelatande underforbruket av språkteknologiske ressursar i språktenesteindustrien heng delvis saman med mangelen på gode ressursar for norsk, men òg manglande kontakt mellom språktenesteleverandørar og forskarmiljøa. Difor kan kunnskap om det fulle potensialet for språkteknologi bli for avgrensa, og det kan vere vanskeleg for kommersielle aktørar å vurdere kvaliteten på eksisterande ressursar.

Kvaliteten på maskinomsetjingssystem har framleis eit stort forbetringspotensial. Blant utfordringane er å tilpasse språkressursar til eit gjeve emne eller brukarområde, og å integrere teknologien i ein arbeidsflyt som allereie inneheld termbasar og omsetjingsminne. I tillegg er dei fleste systema som er i bruk retta mot engelsk, og støttar berre sjeldan omsetjing til og frå norsk. Dette gjev forstyrringar i prosessen med å få tekst omsett, og tvingar maskinomsetjingsbrukarar til å lære seg ulike kodingsverktøy for ulike system.

Gjennom evalueringskampanjar samanliknar forskarar kvaliteten på ulike maskinomsetjingssystem og tilnærmingar og ikkje minst kva som er status for systema for ulike språkpar. Prosjektet EuroMatrix+ gjennomførde ein studie av kvaliteten på maskinomsetjingssystem for 22 offisielle EU-språk. Norsk var ikkje inkludert i dette prosjektet. Figur 7 (s. 26), som vart laga gjennom prosjektet EuroMatrix+, viser ei parvis samanlikning av resultata for 22 av dei 23 EU-språka (irsk var ikkje med i samanlikninga). Resultata er rangert med bruk av BLEU-poenggjeving, som gjev høgare poeng for betre omsetjingar [27]. Ein menneskeleg omsetjar ville vanlegvis oppnå rundt 80 poeng. Dei resultata (i grønt og blått) fann ein med språk som nyt godt av omfattande forskingsinnsats innanfor koordinerte forskingsprogram og som har mange parallellkorpus (t.d. engelsk, fransk, nederlandsk, spansk og tysk). Språka med lavare poengsum er viste i raudt. Desse språka manglar anten heilt ein velutvikla forskingsinnsats eller så skil dei seg

	Målspråk – Target language																					
	EN	BG	DE	CS	DA	EL	ES	ET	FI	FR	HU	IT	LT	LV	MT	NL	PL	PT	RO	SK	SL	SV
EN	–	40.5	46.8	52.6	50.0	41.0	55.2	34.8	38.6	50.1	37.2	50.4	39.6	43.4	39.8	52.3	49.2	55.0	49.0	44.7	50.7	52.0
BG	61.3	–	38.7	39.4	39.6	34.5	46.9	25.5	26.7	42.4	22.0	43.5	29.3	29.1	25.9	44.9	35.1	45.9	36.8	34.1	34.1	39.9
DE	53.6	26.3	–	35.4	43.1	32.8	47.1	26.7	29.5	39.4	27.6	42.7	27.6	30.3	19.8	50.2	30.2	44.1	30.7	29.4	31.4	41.2
CS	58.4	32.0	42.6	–	43.6	34.6	48.9	30.7	30.5	41.6	27.4	44.3	34.5	35.8	26.3	46.5	39.2	45.7	36.5	43.6	41.3	42.9
DA	57.6	28.7	44.1	35.7	–	34.3	47.5	27.8	31.6	41.3	24.2	43.8	29.7	32.9	21.1	48.5	34.3	45.4	33.9	33.0	36.2	47.2
EL	59.5	32.4	43.1	37.7	44.5	–	54.0	26.5	29.0	48.3	23.7	49.6	29.0	32.6	23.8	48.9	34.2	52.5	37.2	33.1	36.3	43.3
ES	60.0	31.1	42.7	37.5	44.4	39.4	–	25.4	28.5	51.3	24.0	51.7	26.8	30.5	24.6	48.8	33.9	57.3	38.1	31.7	33.9	43.7
ET	52.0	24.6	37.3	35.2	37.8	28.2	40.4	–	37.7	33.4	30.9	37.0	35.0	36.9	20.5	41.3	32.0	37.8	28.0	30.6	32.9	37.3
FI	49.3	23.2	36.0	32.0	37.9	27.2	39.7	34.9	–	29.5	27.2	36.6	30.5	32.5	19.4	40.6	28.8	37.5	26.5	27.3	28.2	37.6
FR	64.0	34.5	45.1	39.5	47.4	42.8	60.9	26.7	30.0	–	25.5	56.1	28.3	31.9	25.3	51.6	35.7	61.0	43.8	33.1	35.6	45.8
HU	48.0	24.7	34.3	30.0	33.0	25.5	34.1	29.6	29.4	30.7	–	33.5	29.6	31.9	18.1	36.1	29.8	34.2	25.7	25.6	28.2	30.5
IT	61.0	32.1	44.3	38.9	45.8	40.6	26.9	25.0	29.7	52.7	24.2	–	29.4	32.6	24.6	50.5	35.2	56.5	39.3	32.5	34.7	44.3
LT	51.8	27.6	33.9	37.0	36.8	26.5	21.1	34.2	32.0	34.4	28.5	36.8	–	40.1	22.2	38.1	31.6	31.6	29.3	31.8	35.3	35.3
LV	54.0	29.1	35.0	37.8	38.5	29.7	8.0	34.2	32.4	35.6	29.3	38.9	38.4	–	23.3	41.5	34.4	39.6	31.0	33.3	37.1	38.0
MT	72.1	32.2	37.2	37.9	38.9	33.7	48.7	26.9	25.8	42.4	22.4	43.7	30.2	33.2	–	44.0	37.1	45.9	38.9	35.8	40.0	41.6
NL	56.9	29.3	46.9	37.0	45.4	35.3	49.7	27.5	29.8	43.4	25.3	44.5	28.6	31.7	22.0	–	32.0	47.7	33.0	30.1	34.6	43.6
PL	60.8	31.5	40.2	44.2	42.1	34.2	46.2	29.2	29.0	40.0	24.5	43.2	33.2	35.6	27.9	44.8	–	44.1	38.2	38.2	39.8	42.1
PT	60.7	31.4	42.9	38.4	42.8	40.2	60.7	26.4	29.2	53.2	23.8	52.8	28.0	31.5	24.8	49.3	34.5	–	39.4	32.1	34.4	43.9
RO	60.8	33.1	38.5	37.8	40.3	35.6	50.4	24.6	26.2	46.5	25.0	44.8	28.4	29.9	28.7	43.0	35.8	48.5	–	31.5	35.1	39.4
SK	60.8	32.6	39.4	48.1	41.0	33.3	46.2	29.8	28.4	39.4	27.4	41.8	33.8	36.7	28.5	44.4	39.0	43.3	35.3	–	42.6	41.8
SL	61.0	33.1	37.9	43.5	42.6	34.0	47.0	31.1	28.8	38.2	25.7	42.3	34.6	37.3	30.0	45.9	38.2	44.1	35.8	38.9	–	42.7
SV	58.5	26.9	41.0	35.6	46.6	33.3	46.6	27.4	30.9	38.9	22.7	42.0	28.2	31.0	23.7	45.6	32.2	44.2	32.7	31.3	33.5	–

7: Maskinomsetjing mellom 22 EU-språk – Machine translation between 22 EU-languages [26]

strukturelt veldig frå andre språk (t.d. ungarsk, maltisk, finsk).

4.3 ANDRE BRUKSOMRÅDE

Oppbygginga av språkteknologiske verktøy omfattar ei rekkje underoppgåver som ikkje alltid er synlege på overflata, der kommunikasjonen med brukaren skjer. Slike underliggjande program har likevel viktige funksjonar i systemet. Kvar av oppgåvene utgjer viktige forskingsfelt, som har utvikla seg til enkeltdisiplinar innanfor datalingvistikk.

Såkalla dialogsystem som svarer på spørsmål (engelsk *Question Answering*) er til dømes eit aktivt forskingsområde, der ein har utvikla korpus koda med setningsstruktur, og der vitskaplege evalueringskonkurransar har vore initierte. Feltet omfattar meir enn berre søk på nøkkelord (der søkemotoren svarar med ei samling potensielt relevante dokument); det lèt brukarar stille konkrete spørsmål som systemet så gjev eitt einaste svar på. Til dømes:

> *Spørsmål: Kor gammal var Neil Armstrong då han gjekk på månen?*
>
> *Svar: 38.*

Medan slike dialogsystem openbert er relaterte til nettsøk, blir det i dag nytta som eit overordna omgrep for forskingsspørsmål som kva for typar spørsmål som finst, korleis ein skal handsame dei, korleis ein kan analysere og samanlikne sett av dokument som potensielt inneheld svaret (gjev dokumenta til dømes motstridande svar?), og korleis relevant informasjon kan ekstraherast frå eit dokument med minimal grad av feil, og utan å sjå bort frå kontekst. Dette er i sin tur knytt til informasjonsekstrahering (engelsk *Information Extraction*), eit område som vart svært populært og innflytelsesrikt då datalingvistikken vart meir statistisk orientert tidleg på

90-talet. Informasjonsekstrahering har som mål å finne bestemte bitar av informasjon i visse sett av dokument, til dømes å identifisere dei viktigaste aktørane i avisartiklar som handlar om å ta over føretak. Eit anna scenario som kan studerast, er terrorhandlingar. Problemstillinga er då å sortere informasjon i teksten i samsvar med ein førehandsdefinert mal som spesifiserer kriterium som gjerningsmann, mål, tid, stad og utfall av hendinga. Informasjonsekstrahering består grunnleggjande sett i å fylle ut ein mal med domenespesifikk og relevant informasjon, noko som gjer informasjonsekstrahering til nok eit døme på ein underliggjande teknologi som på den eine sida utgjer eit sjølvstendig forskingsfelt, og som på den andre sida skal kunne integrerast i større brukarapplikasjonar for praktisk nytte.

Forsking på dei fleste typar teksteknologi er langt mindre utvikla for norsk enn for engelsk.

Samandrag og **tekstgenerering** er tilgrensande område som kan brukast som sjølvstendige applikasjonar eller som underliggjande støtteteknologi. Samandrag har som mål å gje att dei viktigaste punkta i ei lengre tekst, og finst mellom anna i Microsoft Word. Oftast blir det brukt ei statistisk tilnærming for å identifisere dei 'viktige' orda i ei tekst (dvs. ord som opptrer hyppig i den aktuelle teksta, men meir sjeldan i allmennspråket) og for å finne dei setningane som har høgast førekomst av desse 'viktige' orda. Dei aktuelle setningane blir så trekte ut og sette saman for å lage eit samandrag. I ein slik modell, som er svært utbreidd i kommersiell nytte, er samandrag rett og slett ei form for ekstrahering av setningar, og teksta blir redusert til eit subsett av setningane sine. Eit anna alternativ er å generere heilt nye setningar som ikkje allereie finst i kjeldeteksten, og ein del forsking blir gjort på dette feltet.

Å generere nye setningar som oppsummerer originaltekst krev ei djupare forståing av teksta, og denne tilnærminga er difor så langt betydeleg mindre robust. Generelt blir ein tekstgenerator sjeldan brukt som ein sjølvstendig applikasjon, men blir i staden integrert i eit større programvaremiljø, som til dømes eit informasjonssystem om kliniske data som samlar, lagrar og prosesserer pasientopplysningar. Rapportgenerering er berre eitt av mange potensielle bruksområde for samandrag. I USA har det sidan 90-talet vore fleire opne konkurransar i å svare på spørsmål automatisk eller dialogsystem, informasjonsekstrahering og samandrag, som først og fremst har vore arrangert av dei offentlege støtta organisasjonane DARPA og NIST. Gjennom desse konkurransane har teknologien vorte klart forbetra, men hovudfokus har altså vore på engelsk. Det finst nesten ikkje annoterte korpus eller andre spesialressursar for å utføre slike oppgåver på norsk. Når tekstoppsummeringssystem utelukkande bruker statistiske metodar, er dei i høg grad språkuavhengige, og det finst mange tilgjengelege forskingsprototypar. For tekstgenerering har komponentar som kan brukast om att stort sett vore avgrensa til modular for produksjon av overflatestrukturen, og det meste av tilgjengeleg programvare er for engelsk.

4.4 UTDANNINGSPROGRAM

Språkteknologi er eit interdisiplinært fagfelt som samlar ekspertise frå bl.a. språkforsking, informatikk, matematikk, filosofi, psykolingvistikk og nevrovitskap. Difor har ikkje språkteknologi fått etablert ein klart definert, sjølvstendig plass i det norske universitetssystemet.

Språkteknologi har ikkje ein klart definert, sjølvstendig plass i det norske universitetssystemet.

I Noreg finst den språkvitskaplege ekspertisen i mindre forskargrupper ved ulike institusjonar som samarbeider på prosjektbasis (Universiteta i Oslo, Bergen og Tromsø, NTNU, NHH og forskingsinstitusjonane Uni Research og Sintef). Ingen av universiteta har eigne institutt

eller senter for datalingvistikk. Undervising i datalingvistikk føregår anten ved institutt for informatikk (Universitetet i Oslo og NTNU) eller lingvistikk (Universiteta i Bergen og Tromsø). Forsking og undervising i taleprosessering føregår berre ved NTNU.

Sjølv om det er vanskeleg å kvantifisere ein slik påstand, er det nok rimeleg å hevde at datalingvistikk og språkteknologi, så vel som høva for å studere dette i Noreg, ikkje er særleg godt kjend i Noreg. Eit viktig mål for KUNSTI-programmet var å styrkje grunnforsking og kompetansen innanfor dei språkteknologiske fagfelta. KUNSTI bidrog til fleire masteroppgåver og doktoravhandlingar innanfor ei rekkje forskingsprosjekt. Forskingsprogrammet spelte dermed ei viktig rolle for å skaffe norsk språkteknologi nye forskarar og auka kompetanse. Universitetet i Bergen koordinerer CLARA, eit nettverk for forskarutdanning innan SRT ved ni europeiske institusjonar.

4.5 NASJONALE PROSJEKT OG INITIATIV

Sidan norsk språkteknologisk industri er relativt liten i internasjonal samanheng, har norske forskingsinstitusjonar spelt ei sentral rolle i utviklinga av norske ressursar og verktøy for språkteknologi, noko som òg har kome private føretak til nytte. Dei fleste norske selskap som treng språkteknologi vil gjerne nyttiggjere seg ressursar, kunnskap og ekspertise frå akademia, fordi deira eigen ekspertise vanlegvis ikkje ligg innanfor språkteknologi.

Noregs forskingsråd har så langt støtta eitt betydeleg språkteknologisk forskingsprogram, nemleg KUNSTI (Kunnskapsutvikling for norsk språkteknologi). Dette programmet var delvis inspirert av større prosjekt i andre land (til dømes det tyske prosjektet Verbmobil), og hadde som mål å auke kompetansen om språkteknologi gjennom grunnforsking. KUNSTI skulle gjere skriftleg og munnleg norsk (og til ein viss grad samisk) tilgjengeleg for databehandling gjennom forsking og utvikling. Tjue forskingsprosjekt av ulike storleikar vart gjennomførde i løpet av programperioden; dei to største var innan maskinomsetjing og taleteknologi.

Språkbanken er ei av dei viktegaste språkpolitiske satsingane vi har hatt i Noreg i nyare tid.

Å byggje opp eit mangfald av språkteknologiske applikasjonar føreset tilgjenge på grunnleggjande ressursar, som ordlister, tekstkorpus og talekorpus. Slike ressursar er like dyre og tidkrevjande å utvikle for små språk som for store; sidan norsk har to offisielle målformer blir kostnadene endå høgare. Difor er ikkje norsk så interessant frå ein kommersiell ståstad. Difor var det eit viktig språkpolitisk tiltak at Språkbanken vart oppretta i 2010, etter tjue år med felles innsats frå Språkrådet, Noregs forskingsråd, næringslivet og norske forskingsinstitusjonar. Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket skal fungere som ein infrastruktur for å gjere norsk språkteknologi tilgjengeleg både for forsking og kommersiell utvikling, noko som vonleg vil senke terskelen for å utvikle nye språkteknologiske produkt for norsk.

Så langt har private selskap typisk bygd ulike ressursar og verktøy til intern bruk, medan dei fleste omfattande (og tilgjengelege) ressursar og verktøy (til dømes leksikon, taggarar og namneattkjennarar) er utvikla ved forskingsinstitusjonane. På eit seinare tidspunkt har desse ressursane i nokre tilfelle vorte kjøpte av private føretak. Faktisk inneheld tabellen over verktøy og ressursar i slutten av denne rapporten hovudsakleg ressursar som er utvikla gjennom forsking. Til dømes har Universitetet i Oslo utvikla talekorpuset Nota-Oslo (Norsk Talespråkskorpus, Oslo-delen) og Nordisk dialektkorpus, Norsk ordbank er utvikla og er ått av Universitetet i Oslo og Norsk språkråd, Oslo-Bergen-taggaren er laga av Universitetet i Oslo og Uni Research i Bergen, Norsk aviskorpus er utvikla av Uni Research og NHH, og trebanken INESS

blir for tida bygd opp ved Universitetet i Bergen.
Utvikling av grunnleggjande tekst- og taledata var ikkje ein del av Kunstis arbeidsprogram, sidan dette skulle vere ei oppgåve for Språkbanken. Mangelen på grunnleggjande språkressursar stod dermed fram som ein hemsko for KUNSTI. No som Språkbanken er etablert, og med nye forskarar og oppdatert kompetanse på plass, meiner mange at tida er moden for ei ny satsing på språkteknologisk forsking som kan få eit meir applikasjonsorientert fokus enn KUNSTI-satsinga. Etter KUNSTI har større språkteknologiske forskingsprosjekt (til dømes INESS, Nota-Oslo, Norsk aviskorpus, WeSearch-Språkteknologi for internett og SIRKUS) vorte finansierte anten gjennom infrastrukturprogramma (AVIT) eller forskingsrådets generelle IKT-program, som VERDIKT. Trass i desse investeringane er likevel støtta til språkteknologiske prosjekt i Noreg relativt låg samanlikna med det som blir brukt til dømes i USA på omsetjing og fleirspråkleg informasjonstilgang [28].
I neste delkapittel oppsummerer vi situasjonen for språkteknologisk støtte for norsk språk.

4.6 SITUASJONEN FOR SPRÅKTEKNOLOGISK STØTTE FOR NORSK SPRÅK

Figur 8 oppsummerer situasjonen for språkteknologisk støtte for norsk språk gjennom talvurderingar av eksisterande verktøy og ressursar. Vurderingane er gjorde av leiande norske ekspertar på feltet, som har sett talverdiar for sju ulike kriterium (t.d. tilgjenge), på ein skala frå 0 (svært låg) til 6 (svært høg). Dei viktigaste resultata for norsk kan oppsummerast slik:

